

# KONSKEKVENSGREIING AV INNSPEL TIL ENDRA AREALBRUK

Kommuneplanen sin arealdel



## Innholdsliste

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1 KVA FOR OMRÅDE SKAL UTGREIAST .....	3
1.2 NULLALTERNATIVET .....	4
<b>2 METODIKK .....</b>	<b>4</b>
<b>3 DATAGRUNNLAG .....</b>	<b>6</b>
<b>4 OVERORDNA FØRINGAR.....</b>	<b>8</b>
4.1 OVERORDNA AREALSTRATEGI – KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL.....	8
4.2 HOVUDTEMA LANDBRUK .....	9
4.3 HOVUDTEMA SPREIDD FRITIDSBUSTAD .....	10
4.4 FORMANNSKAPET SI VURDERING AV KONSEKVEN舜UTGREIINGA FOR SPREIDDE FRITIDSHYTTER .....	12
<b>5 KONSEKVEN舜UTGREIING .....</b>	<b>13</b>
5.1 OPPSUMMERING .....	13
5.2 BUSTAD .....	15
5.4 FRITIDSBUSTADER .....	46
5.5 RÅSTOFFFUTVINNING.....	52
5.6 NÆRING .....	68
5.7 IDRETTSANLEGG.....	70
5.8 BYGG OG ANLEGG – SOLCELLEANLEGG .....	74
5.9 SPREIDD FRITIDSBUSTAD .....	78
5.10 GRØNSTRUKTUR.....	162
5.11 ANDRE INNSPEL SOM IKKJE ER KONSEKVEN舜UTGREIA .....	163

# 1 INNLEIING

Formålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere kva konsekvensar planarbeidet kan ha for menneske, miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal svare på spørsmål knytt til lokalisering og arealformål. Konsekvensutgreiinga skal vere faktabasert, påliteleg og objektiv, slik at den har legitimitet som grunnlag for vidare vurdering og avgjerd.

Politiske vurderingar som er gjort i ein avgjerdsprosess, er ikkje del av konsekvensutgreiinga (Rettleiar for konsekvensutgreiingar, KMD, 2021).

Plan og bygningslova § 4-2 og Forskrift om konsekvensutredninger § 6 stiller krav om konsekvensutgreiing av nye utbyggingsområde i kommuneplanen, men og dersom ein gjer endringar i eller utvidar formål i eksisterande plan .

Utgreiinga skal få fram:

- viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei føreslåtte utbyggingsområda
- verknadane utbygginga kan få for desse verdiane
- kva som kan gjerast for å avbøte negative verknadar

Kvart enkelt tema i konsekvensutgreiinga skal vurderast for seg sjølv, og kan i utgangspunktet gje ein så negativ påverknad at forslaget ikkje bør bli lagt fram i kommuneplanen. Omfanget av konsekvensutgreiinga i det enkelte området vil mellom anna vere avhengig av konfliktnivå, omfanget av konfliktfulle tema og storleiken på området.

Vurdering av verknadane av endra arealbruk vert gjort av ei tverrfagleg samansett gruppe og baserer seg på kommunen sin fagkompetanse.

Konsekvensutgreiinga for nye utbyggingsområde i kommuneplanen er gjort på eit overordna nivå. Meir detaljerte forhold som til dømes utforming og detaljtilpassing av utbygginga til omgjevnadene, er det naturleg å avklare ved seinare detaljregulering.

## 1.1 Kva for område skal utgreiast

Jf. rettleiar «Konsekvensutredninger kommuneplanens arealdel» er det krav om konsekvensutgreiing av arealdelen ved:

- Nye område avsett til utbyggingsføre mål med arealføre mål nr. 1, 2, 4, 5 og 6 (j. plan- og bygningslova § 11-7) der underføre mål og førese gner opnar for utbygging. Det vil seie at utbygging kan inngå i alle arealføre mål unnateke grønstruktur (naturområde, turdrag, friområde og parkar)
- Endra utbyggingsføre mål (for eksempel frå næring til bustad eller fritidsbustader, frå råstoffutvinning til næring)
- Opning for spreidd utbygging i område avsett til LNF (landbruks-, natur- og friluftsføre mål, samt reindrift.)
- Bandlegging etter plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd d) kan vere omfatta av utgreiingsplikt dersom føremålet er å sikre areal med tanke på seinare utbygging.
- Endring i førese gner som endrar tiltaka sin verknad på miljø eller samfunn kan også medføre utgreiingsplikt. Dette kan for eksempel gjelde der endringa i førese gna for eit område legg opp til ei vesentleg høgare utnytting, endra kriteria for utbygginga si

plassering, eller på anna måte vesentleg endra rammer for utforming eller funksjonskrav for bygningar innanfor eit område.

## 1.2 Nullalternativet

For å kunne vurdere konsekvensar av alternativ må det også definerast eit samanlikningsgrunnlag. Dette er beskrevet i KU-forskrifta § 20 og vert omtala som nullalternativet. Nullalternativet skal nyttast når ein vurderer kva påverknad ein plan eller eit tiltak vil ha. Nullalternativet er forventa situasjon i influensområdet dersom planen eller tiltaket ikkje vert gjennomført. Det tek utgangspunkt i dagens miljøtilstand og skildrar den mest realistiske utviklinga av utgreiingsområdet.

Hensikta med å utarbeide nullalternativet er å:

- Tydeleggjere realistisk utvikling i utgreiingsområdet som ikkje vert tillagt den aktuelle planen eller tiltaket.
- Etablere eit presist samanlikningsgrunnlag for konsekvensar av planen eller tiltaket.

For å beskrive nullalternativet må det bli fastsett eit samanlikningsår. Samanlikningsåret er her sett til 2024.

## 2 METODIKK

Metodikken for å vurdere konsekvensane av utbyggingsområda følgjer ein generell trinnvis framgangsmåte:

### Trinn 1:

Avgrensing av utgreiingsområdet og eventuelt influensområde, avhengig av utbyggingsformål og kva for utgreiingstema som blir studert. Eventuell inndeling av området i formålstenlege delområde, avhengig av tema, kompleksitet og det aktuelle området.

### Trinn 2:

Verdien til området blir vurdert på bakgrunn av innsamla data og inndelinga i delområde. Med verdi er det meint ei vurdering av kor verdfullt eit område eller eit miljø er. Det bør alltid gå tydeleg fram av materialet korleis verddivurderinga er gjort, og kva kriterium som har lege til grunn for vurderinga, slik at verdisettinga blir etterprøvbar. For dei temaa der det finst omforeinte verdikriterium, blir desse nytta.

### Trinn 3:

Omfanget (påverknaden) av det som blir planlagt å skje i området, blir vurdert i forhold til nullalternativet, som svarer til sannsynleg utvikling av området utan utbygginga. Med omfang er det meint ei vurdering av kva for endringar tiltaket er venta å medføre for dei ulike miljøa eller områda, og graden av denne endringa. På overordna plannivå vil omfanget av ei utbygging i hovudsak blir fastsett av verdiane som blir rørt ved den aktuelle lokaliseringa og av arealføremålet, eventuelt med tilhøyrande planføresegn som angir mogeleg utnytting. Omfanget av utbygginga kan variere for kvart tema. Utgreiinga skal skildre både dei verknadene som følgjer av sjølve arealbeslaget og dei verknadene utbygginga har for influensområdet

#### Trinn 4:

Konsekvensane av det føreslåtte utbyggingsområdet for eit gitt tema, kjem fram ved å samanstillе vurderingane av verdien til området med utbygginga sin omfang. Det viktige her er i kor stor grad dei definerte verdiane for det aktuelle temaet blir påverka av utbygginga. For å kunne samanlikne konsekvensar av fleire utbyggingsforslag, er konsekvens for dei einskilde tema gradert etter ein lik skala.

Gradering av konsekvens	Positiv (+/+/+++)
	Liten negativ (-)
	Middels/stor negativ (--/---)
	Ubetydeleg (0)

Verdivurderinga er delt inn i ein tre-delt skala: liten, middels og stor.

Omfangsvurderinga er basert på ein fire-delt skala: Positiv, Liten negativ, Middels/stor negativ og ubetydeleg.

Konsekvensvurderinga er basert på ein 7-delt skala: stor positiv (+++) konsekvens, middels positiv konsekvens (++) , liten positiv konsekvens (+), ubetydeleg konsekvens (0), liten negativ konsekvens (-), middels negativ konsekvens)-- og stor negativ konsekvens (---). I tabellane i sjølve konsekvensvurderinga blir konsekvensane vist med fargekode og +, 0 og – som vist i tabellen over. I tillegg blir dette supplert med ein kommentar som forklarar konsekvensvurderinga.

#### Trinn 5:

Samla vurdering av konsekvens for eit gitt utbyggingsområde blir basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei einskilde tema supplert med forhold som fagleg skjøn, lokalkunnskap og eventuelle spesielle forhold ved den aktuelle utbygginga. Det er då viktig at det blir gjort greie for kva vurderingar som ligg til grunn for og er vektlagt i den samla avveginga.

Vektinga bør grunnleggjast slik at grunnlaget for vurderingane er etterprøvbare.

Område av nasjonal verdi eller stor regional verdi bør bli vektlagt ved samanstillinga av konsekvensar. Det er også viktig å vurdere forslaga til enkeltområde opp mot måla i kommunen sin strategi for framtidig arealbruk, og synleggjere om forslaga avvik med føringane som gis der.

#### Trinn 6:

Dei samla verknadane av endring av arealbruk skal bli vurdert jf. KU-forskrifta. Formålet med dette er:

- å gi eit grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag og endre planen før offentleg ettersyn, om verknadane av planen samla sett ikkje blir vurdert som akseptable i forhold til miljø og samfunn.
- å gi eit heilskapleg avgjerdsgrunnlag av dei samla verknadane for miljø og samfunn.

Fokus i vurderingane bør av same grunn bli retta mot dei miljø- og samfunnstemaa der utgreiing av enkeltområde har avdekkast størst verknadar, eller det er forventast at ei samla vurdering vil avdekke store verknadar. Dei samla vurderingane bør vere på eit meir overordna og kvalitativt beskrivande nivå enn for enkeltområde. Dvs. at vurderingane blir presentert med ei beskrivande tekst for kvart arealformål eller utgreiingstema.

### 3 DATAGRUNNLAG

Vurderingane er basert på nasjonale, regionale og lokale faglege databasar.

Kommunen har brukt Norkart sin tiltaks-analyse som utgangspunkt. Det er køyrt ein analyse for kvart innspel, denne sjekkar for treff i 94 datasett.

Ein har i tillegg brukt andre kjelder og kommunen sine egne databasar. Dei mest sentrale kjeldene er sortert nedanfor i forhold til dei enkelt tema.

Tema	Datagrunnlag / kjelde
<b>Fysiske forhold</b>	
Landskap og primærnæring Dyrka mark, kulturlandskap, beite, produktiv skog	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalkunnskap og fagleg vurdering</li> <li>• FKB AR5/ Geovekst</li> <li>• Dyrkbar jord / NIBIO</li> <li>• Inngrepsfrie naturområder / Miljødirektoratet</li> <li>• Jordkvalitet / NIBIO</li> </ul>
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturtyper – DN-håndbok 13 / Miljødirektoratet</li> <li>• Naturtyper – NIN / Artsdatabanken</li> <li>• Naturvernområder / Miljødirektoratet</li> <li>• Arter av nasjonal forvaltningsinteresse / Miljødirektoratet</li> <li>• Vernskog / Fylkesmannsembetene</li> <li>• Villreinområde / Miljødirektoratet</li> <li>• Artskart / Artsdatabanken</li> <li>• Sensitive artsdata / Miljødirektoratet/Artsdatabanken</li> </ul>
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturlandskap – utvalde/verdifulle Kulturminne – freda bygningar, kulturmiljø, lokalitetar, enkeltminner og sikringssoner. / Riksantikvaren</li> <li>• Kulturminne – SEFRAK / Riksantikvaren</li> </ul>
Stadkvalitetar Kvalitetar i dei bygde og naturgitte omgjevnadane	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalkunnskap og fagleg vurdering</li> </ul>
Blågrøn faktor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vassførekomstar / NVE</li> <li>• Lokalkunnskap og fagleg vurdering</li> </ul>
<b>Miljøfaktorar</b>	
Forureining og klimaavtrykk Utslepp til luft, jord og vatn, avfall, lukt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forureining og støy, Naturtypar og naturmangfald / Miljødirektoratet</li> </ul>
Stråling Radon, høgspenning	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Radon aktsemd / NGU</li> <li>• Glitre Nett omsynssoner</li> </ul>
Støy og vibrasjonar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støykartlegging veg etter T-1442 / Statens vegvesen</li> </ul>
<b>Sosiale faktorar</b>	
Området sin attraktivitet Bumiljø generelt, tilgang til tenester	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalkunnskap</li> </ul>
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel Bumiljø, isolasjon og tilhørsløse, nærleik til eksisterande bumiljø og møteplassar/butikk/skule.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen sine kartløyisingar med måling av avstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar.</li> <li>• Lokalkunnskap</li> </ul>

Samfunn og livsstilfaktorar	
Risiko og sårbarheit Naturfare, større ulykker	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Snøskred/NVE</li> <li>• Flaumsone/NVE</li> <li>• Steinsprang – aktsemdsområder</li> <li>• Jord- og flaumskred, aktsemdsområder / NVE</li> </ul>
Teknisk infrastruktur Veg, vatn og avlaup, straumforsyning	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen sine kart med vatn- og avløpsnett</li> <li>• Nettanlegg / NVE Atlas</li> <li>• Elveg 2.0 / Kartverket</li> </ul>
Mobilitet/kortreist kvardag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen sine kartløyningar med måling av avstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar.</li> </ul>
Naturområde og friareal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Turrutebasen / Kartverket</li> <li>• Lokalkunnskap</li> </ul>
Konsekvensar for næringslivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalkunnskap og fagleg vurdering</li> </ul>

## 4 OVERORDNA FØRINGAR

### 4.1 Overordna arealstrategi – Kommuneplanen sin samfunnsdel

Arealdelen til kommuneplanen er eit viktig verktøy for å synleggjera dei strategiske vala som er gjort i samfunnsdelen. For å sikra at arealdelen følgjer opp samfunnsdelen på best mogleg måte, har ein i samfunnsdelen konkretisert tema, mål og føringar som skal leggjast til grunn for arealplanen.

#### Mål for arealdelen

- Arealplanlegginga skal fremje bulyst og lokale arbeidsplassar i kommunen.
- Arealplanlegginga skal sikre eit attraktivt Kyrkjebygd sentrum og levande grender.

#### Føringar for stadutvikling, attraktivitet og bukvilheit

- Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.
- Kommunen skal leggje til rette for aldersvennlege leilegheiter i Austrud.
- Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
- For å gjera ei god vurdering av lokale tilhøve, skal det utarbeidast ein temaplan for «framtidens landbruk i Åseral» der all dyrka og overflatedyrka mark samt beiteareal i kommunen skal kartleggjast og vurderast. Temaplanen vert utarbeidd i samband med arealdelen.
- Stadlege kvalitetar som kulturminne, kulturmiljø og grøntområde skal utnyttast som identitetsbyggjande element i sentrumsområdet, grendene og reiselivsdestinasjonane.
- Kyrkjebygd skal styrkast som kommunesentrum med gode utemiljø og møteplassar for innbyggjarar og vitjande.
- Kyrkjebygd, Lognavatn grendehus og Kylland grendehus skal fungere som møteplassar i sine lokalmiljø. Øvrige mindre grender og lokalsamfunn skal stimulerast til å utvikla møteplassar tilpassa lokale tilhøve, og kommunen skal vere ein aktiv støttespelar for grendene.
- Alle større bustadfelt skal ha leike- og uteareal av god kvalitet. Fellesareal og infrastruktur i eksisterande bustadfelt skal fornyast og oppgraderast for å auka attraktiviteten.
- Det skal vere lett tilgang til nærfriluftsområde frå alle større bustadområde, spesielt viktig er dette kring Kyrkjebygd sentrum.

#### Føringar for næring og verdiskaping

- Prioritera næring i sentrumsutviklinga av Kyrkjebygd og reiselivsdestinasjonane.
- Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
- Verksemdar med plasskrevjande varer/industri/større næringsverksemdar skal i hovudsak lokalisert på Toddemonen eller tilsvarende område sett av til næring/industri i arealdelen.
- Innarbeida framtidensretta område for akvakultur.

### Føringar for utmarksforvaltning (LNF-områda)

- Jordbruks- og skogbruksnæringa sitt arealgrunnlag skal takast vare på, og det skal leggjast til rette for vidareutvikling av eksisterande drift. Tilleggsnæringar skal ivareta lokale naturverdiar og naturmiljø.
- Forvalta løypenett og turmål gjennom å laga ein besøksstrategi i kommunen der ein vurderer styring av ferdsel for å ivareta beitedyr, sårbare artar og sårbar natur.
- SVR (Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde) og Heiplanen vert synleggjort i arealdelen som omsynssoner.

### Føringar for infrastruktur

- Areal- og transportutvikling for fylkesveggar inn i kommunen skal samordnast med nabokommunane for å få til gode framtidsette løysningar.
- Leggja inn areal til utbetring av flaskehalsar i eksisterande vegnett.
- Det skal vera enkelt og trygt å velja sykkel som framkomstmiddel i alle delar av kommunen der dette let seg gjere.
- I Kyrkjebygd skal transport til sentrum, arbeidsplassar, aktivitetar, barnehage og skule i større grad enn nå føregå til fots eller med sykkel. Det skal leggjast vekt på gang- og sykkelveggar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

### Føringar for klima og berekraft

- Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i allereie utbygde område eller leggjast inntil eksisterande felt.
- Setja av areal til kjeldesorteringsanlegg i reiselivsdestinasjonane.
- Vektleggja berekraftige løysingar for betre naturtilpassing, energieffektive løysingar, arealeffektivitet/avgrensing storleik og ivaretaking av biologisk mangfald ved utbygging av fritidsbustader.
- Finna eigna areal til felles energianlegg i regulerte hyttefelt, samt gjenbruka opparbeidd areal (til dømes massetak, industriområde og parkeringsplassar) til anlegg for fornybar energi.
- Leggja til rette for areal til ENØK-tiltak.
- Setja av areal til nye mobilitetsløysingar.
- Kommunen skal vere ein trygg stad å bu med omsyn til naturfarar og eit klima i endring.
- Vidareføra Åseral sine lange tradisjonar for seterstruktur i tilknytning til gardsbruka for å sikra god forvaltning og lokalkunnskap for berekraftig landbruk, jakt, friluftsliv og rekreasjon.

## 4.2 Hovudtema Landbruk

Formålet med temaplanen for landbruk er å få eit betre kunnskapsgrunnlag og føringar for spreidd bustadbygging i Åseral som kan bidra til å nå måla i samfunnsdelen for eit levande landbruk. Temaplanen tek utgangspunkt i samanstilling av eksisterande kunnskapsgrunnlag. Vidare følgjer ei kort oppsummering frå temaplanen.

Av all dyrka mark i kommunen (9 490 daa) ligg 9 247 daa av den i LNFR og LNFR spreidd, dette er 97%. 5 092 daa av dei ligg LNFR og 4 155 daa ligg i LNFR spreidd, det vil seie 54% og 43%.

Dei nasjonale føringane (nr. 69) seier at ein ved revidering av arealdelen av kommuneplanen skal vurdere tilbakeføring til LNFR-føremålet for areal som tidlegare har vore avsett til føremål som

medfører omdisponering av dyrka jord. Ein stor del av den dyrka marka ligg allereie i LNFR-føremål i Åseral. I denne revideringa har vi sett på aktuelle område som kan tilbakeførast, spesielt på fulldyrka mark.

LNFR er arealføremålet som i størst grad sikrar at jorda ikkje vert bygd ned. Vi har difor sett spesielt på å endre areal i LNFR spreidd til vanleg LNFR.

## **FØRINGAR**

Vurdere om ein kan endre område i kommuneplanens arealdel til LNF, spesielt gjeld dette område avsett til fritidsbustad og LNF-Spreidd.

Viktige kriteria for vurdering ved handsaming av dispensasjon frå forbodet mot bygging på dyrka mark:

- Vurdering av mogleg alternativ plassering
- Ikkje splitte opp samanhengande område som gjer drifta vanskelegare
- Ikkje beslaglegge område som kan hindra utviding av driftsgrunnlaget på garden
- Vere varsam med kor mykje areal som skal omdisponerast
- Sette vilkår om flytting av matjord – kan sette krav om at det skal dyrkast opp meir enn det ein tek

### **4.3 Hovudtema spreidd fritidsbustad**

I Åseral kommune er det lagt til rette for fritidsbustader både i regulerte felt og i LNFR, innafor visse rammer. Kommunen har avsett høvesvis store areal til fritidsbustader i arealdelen. I åra som kjem er det venta at det vert bygd ut fleire fritidsbustader. På nåverande tidspunkt fungerer ikkje føresegn og retningslinjer som tek for seg fritidsbustadar optimalt. Dei største utfordringane er knytt til spreidd utbygging av fritidsbustader i LNFR-område.

Temaplanen fritidsbustader gir ei oversikt over status for frådelte og bygde hytter i LNFR, og legg rammer for handsaming av søknader og planar som gjeld fritidsbustader.

Kommunen har valt tre område, der ein satsar på høg utnytting av arealet til fritidsbustader; Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Bortelid og Ljosland har eigne kommunedelplanar, Eikerapen er ein del av kommuneplanens arealdel. I alle desse områda er det utarbeida eigne reguleringsplanar for dei ulike utbyggingsområda. Gamle disposisjonsplanar er teken inn i kommuneplanen. Desse er regulert til LNF-spreidd fritidsbustad. Vidare følgjer ei kort oppsummering frå temaplanen.

## **Bulyst**

For mange av innbyggjarane i kommunen er det viktig å kunne nytte skog og hei i fritida, som rekreasjon i den delen av kommunen dei har ei tilknytning til. Ein del av denne opplevinga kan også vere knytt til ei bu eller fritidsbustad i området. Det har vore uttrykt i fleire samanhengar at innbyggjarar ser det som lite aktuelt å bygge hytte i dei meir konsentrerte område på Bortelid, Ljosland eller Eikerapen. Å kunne frådele ei fritidstomt har vore vanleg ved generasjonsskifte på garden, for å kunne «gje noko» til barna som ikkje skal overta.

## Omfang

Kommunen har sett på spreidd bygging av fritidsbustader som eit verkemiddel for å halde på den relativt strenge låma med å konsentrere utbyggingsområda for fritidsbustader med full standard til Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Det er lagt inn 60 område i eksisterande kommuneplan som opnar for bygging av fritidshytte. Mange av desse er vidareført frå tidlegare plan og nye innspel frå førre rullering.

Ein har også nokre hytter som ligg spreidd, og som ikkje er ein del av kommuneplanen. Dette kan vere gamle hytter som har vore der frå gamalt av, eller nyare hytte som er bygd via dispensasjon.

Totalt sett har kommunen mellom 300-350 fritidshytter som ikkje ligg i regulerte felt, (inkludert dei tidlegare disposisjonsplanane). I tillegg har ein fleire område som ligg inne som ikkje er bygd ut.

Dersom ein summerer opp det som ligg i planen, ser ein at kommunen har eit betydeleg tal på fritidshytter som ikkje ligg i regulerte felt, samt at ein har fleire område i «reserve» (tabell nedanfor). I denne oversikten har ein også tatt med frådelte fritidstomter/festetomter. Her er det viktig å påpeike at det ikkje nødvendigvis er mogleg å bygge på desse tomtene. Mange av desse er oppretta for lenge sidan og bygging på desse vil i mange tilfelle ikkje vere i tråd med arealføremål eller lokaliseringkriterium i gjeldande plan.

Kva	Bygd	Rest/reserve
Disposisjonsplanar	107	51
Område i kommuneplan	15	64
Fritidshytter som ikkje ligg i planen	Ca. 200	
Frådelte fritidstomter (ikkje bebygd)		32
<b>Totalt</b>	<b>322</b>	<b>147</b>

## Utfordringar

Fritidshyttene i LNF som ligg relativt langt inne på heia, og er ikkje knytt til veg førar ofte til ulike utfordringar og nokre stader store konflikhtar.

Å kunne dele frå ei fritidstomt har vore vanleg ved generasjonsskifte på garden, for å kunne «gje noko» til barna som ikkje skal overta. Som regel delast tomt og hytte frå til nær slekt, og dette er ofte uproblematisk i starten. Etter ei stund (når det har gått ein generasjon, gjerne før det) blir nokre av hyttene selt. Sidan hytta er frådelt kan den bli selt til «framande» som ikkje har tilhøyra til garden/bruket. Dette kan vere uheldig, og ein ser ein rekke døme på konflikhtar som oppstår. Døme på slike konflikhtar er parkering, motorisert ferdsel, konflikt med beitedyr og auka vegutbygging/ulovleg vegutbygging.

## Føringar

Når ein ser heilskapeleg på at det er opna for eit stort tal på fritidsbustader i LNF, utanfor avsette byggeområde og etablerte hyttefelt, så kan utfordringane oppsummerast i følgjande tema:

- Trong for areal til parkering
- Auka motorisert ferdsel i LNF-areal
- Konflikt med beitedyr
- Auka vegutbygging som fører med seg auka arealinngrep
- Sårbar natur/naturmangfald

Ein ser at det er utfordrande når ein deler frå fritidsbustadene, og at problema blir større jo lenger avstand det er frå bilveg. Då det er vanskeleg å forhindre at hyttene vert frådelt, ser ein det som mest hensiktsmessig at hyttene vert plassert i område der frådelling vil føre til mindre konflikhtar og mindre arealinngrep. Dette vil i mange tilfelle bety at hytta må ligge i nærheit til bilveg.

#### 4.4 Formannskapet si vurdering av konsekvensutgreiinga for spreidde fritidshytter

Vidareførast etter same mal som tidlegare revisjonar, der innspel frå gardsbruk som ikkje tidlegare har frådelt inntil to tomter er teke inn i planen. Det er ikkje gjort ein planvask av LNFR-spreidd fritidsbustader.

Denne utbygginga vil ikkje vere med på å undergrave nasjonale forventningar med å samle fritidshytter i utbyggingsområda, då omfanget er begrensa og av ein heilt anna karakter. Ein er ikkje einig i kommunedirektør sitt syn på at det er omfang av fritidsbustader i LNF som er den største utfordringa, om ein skal rangere, er det omfanget av høgstandardhytter i Åseral som er det.

##### Sosiale faktorar

Mogelegheit for deltaking, inkludering og trivsel – området sin attraktivitet. Bidreg til at innbyggjarar og familiar i generasjonar har fellesskap på heia, vidareføring av tradisjonar og oppretthalden av kulturlandskapet i form av drift og aktivitet som saueleiting, friluftsliv, jakt og rekreasjon. Det er for mange Åsdølar dette som gjev bulyst - grunnen til at ungdommane blir verande, eller kjem tilbake til heimbygda. I ei bygd med forespeila nedgang i innbyggjartal er dette særst viktig.

##### Beredskap – samfunnstryggleik – mattryggleik

Lokalkunnskap om utmarka/heia er viktig med tanke på beredskap og rekruttering til både frivillige lag, og yrker som varetek dette, som til dømes lokal leitegruppe/Norsk folkehjelp og lokalt brann- og redningsvesen. I ei bygd med store utmarksareal, turistløypenett (DNT) og heilårsdestinasjonar som gjer at antal personar som oppheld seg her er mykje større enn det innbyggjartalet tilseier, og i periodar kan ti doblast, er dette spesielt viktig. Heia har vore utnytta i generasjonar, skal dette vidareførast til neste generasjon, må ein leggje til rette for at det er mogeleg, i tråd med tida ein lever i. Bruk er vern!

##### Miljøfaktorar – stråling - arealinngrep

Radon er lite relevant for desse hyttene då dei vert sett opp med «lave avtrykk» på pilarar, og det vert ivareteke i TEK17.

##### Teknisk infrastruktur - størrelse

Har ikkje innlagt vatn, solcelleanlegg vert i stor grad nytta og oppvarming er ved i arealeffektive mindre hytter. Det bidreg til det enkle liv, som ein ser at samfunnet vårt bør verne om – det enkle hytteliv i nær kontakt med naturen.

Samstundes må ein innsjå at verda går vidare, dagens reglar for til dømes krav om størrelse på driftshytter ber preg av ei nasjonalromantisk førestilling om at driftshytter skal sjå ut som dei gjorde for 100 år sidan, og dermed «fine å sjå på» for fotturistar frå meir urbane strøk, meir enn eksempelvis behovet til sauebonden m/familien som nyttar hytta i sauesankinga, eller til rekreasjon i påskeferien, som og må vere legitimt å gjere.

På bakgrunn av desse vurderingane går ein inn for at størrelse for driftshytter vert sett til 65 m2.

# 5 KONSEKVENsutGREIING

## 5.1 Oppsummering

Det er gjennomført konsekvensutgreiing av alle innspela til endra arealbruk (private og kommunale). I tabellen under er alle arealinnspela som det vart vedteke at skulle konsekvensutgreiast. I tillegg er alle dei kommunale innspela, som er konsekvensutgreia, med.

Tabellen syner anbefalinga:

**GRØN** – Innspelet er anbefalt teke inn i arealdelen

**ORANSJ** – Deler av innspelet er anbefalt teke inn i arealdelen

**RAUD** – Innspelet er ikkje anbefalt teke inn i arealdelen

0 – Ingen endring

IR – Ikkje relevant

Kart med alle innspela lokalisert og nummerert kan ein finne her:

<https://www.kommunekart.com/proff/klient/aseral?urlid=aa032794-9065-43c5-b2a7-6697f2b77daa>

Formåt	KU-nr	Stad	Kommentar	Anbefaling	Vedtak FSK 30.04.26
Bustad	3	Grokleiv	Sjå i samanheng med innspel 56		
Bustad	7	Maddan	Sjå området i samanheng med reguleringsplan for Kyrkjebygd		
Bustad	9	Smeland			
Bustad	26	Skarpeteigen	Sjå i samanheng med innspel nr 44		
Bustad	44	Skarpeteigen	Sjå i samanheng med innspel nr 26		
Bustad	35.1	Nordstovbakken Vest			
Bustad	35.2	Nordstovbakken Aust	Flaumfare		
Bustad	37	Åsland			
Bustad	40	Lognavatn			
Bustad	46	Kyrkjebygda			
Bustad	48	Tvørrbakka			
Bustad	49	Karten			
Bustad	56	Grokleiv	Sjå i samanheng med område nr 3		
Bustad	75	Madland			
Bustad	80	Håmkoll			
Fritidsbustad	11	Lisløy			
Fritidsbustad	13	Tveit	Området blir vidareført som spreidd bustad		
Fritidsbustad (LNF, bustad)	24	Listøl			
Råstoffutvinning, sand	14	Smeland			
Råstoffutvinning, sand	15	Smeland	Deler av området vert teken med vidare (sørleg del går ut)		
Råstoffutvinning, stein	20	Under Tjovskora	Deler av området vert teken med vidare (nordleg del teken ut)		



Råstoffutvinning, fjell	42	Hesteberget	Synleg, naturmangfald og tilgjengelege massar		
Råstoffutvinning	55	Smeland	Ikkje ynskeleg å ta i bruk nytt område, fleire massetak i nærleiken		
Råstoffutvinning	67	Stinemyr	Mindre egna område, nær bustad, lite uttak		
Råstoffutvinning	71	Aurebekk			
Råstoffutvinning	72	Setan			
Næring	59	Hesteneset			
Idrettsanlegg (skuter)	65	Egså	Lite sentralt, i konflikt med kulturminne og ligg i flaumsone		
Idrettsanlegg (skuter)	82	Løkjen			
Solcelleanlegg	50	Kosmyr	Svært arealkrevjande i forhold til produksjonspotensialet		
Solcelleanlegg	51	Skjerkestøl	Svært arealkrevjande i forhold til produksjonspotensialet		
Spreidd fritidsbustad	1	Linddalen			
Spreidd fritidsbustad	4	Kyrkjemyran			
Spreidd fritidsbustad	5	Tjørnin Vestheia			
Spreidd fritidsbustad	10	Sveigsfjellet	Opphøveleg plassering vert behalde		
Spreidd fritidsbustad	21.1	Sandvatn	Innanfor 500 meter til sommarbilveg		
Spreidd fritidsbustad	21.2	Heddebutjønn			
Spreidd fritidsbustad	22.1	Vardeheia			
Spreidd fritidsbustad	22.2	Vardeheia			
Spreidd fritidsbustad	23.1	Mjåvassdalen			
Spreidd fritidsbustad	23.2	Mjåvassdalen			
Spreidd fritidsbustad	25	Olashatten	Innanfor 150 meter frå sommarbilveg		
Spreidd fritidsbustad (2)	28	Vardeheia			
Spreidd fritidsbustad	33	Skipetjønn			
Spreidd fritidsbustad	34	Sjåvasstjønnæ			
Spreidd fritidsbustad	36.1	Dyrevatn			
Spreidd fritidsbustad	36.2	Kotet			
Spreidd fritidsbustad	38	Nedre Katteråstjønn			
Spreidd fritidsbustad	39	Egsåheia	Flytting av eksisterande tomt		
Spreidd fritidsbustad	43	Dyrevatn (nord-vest)			
Spreidd fritidsbustad	45	Dyrevatn (sør-aust)			
Spreidd fritidsbustad	47	Sosteli	Omregulert frå næring, avstand frå sommarbilveg 20-50m		
Spreidd fritidsbustad	52.1	Støtjønn (Vestheia)			
Spreidd fritidsbustad	52.2	Støtjønn (Vestheia)			
Spreidd fritidsbustad	53	Geitekrikken			
Spreidd fritidsbustad	57.1	Unne Lian	Avstand til sommarbilveg 300 meter		
Spreidd fritidsbustad	57.2	Ved Steinen	Avstand til sommarbilveg 100 meter		
Spreidd fritidsbustad (2)	60	Hurraheia			
Spreidd fritidsbustad (2)	62	Heimre Sveigsvatn			
Spreidd fritidsbustad	63.1	Sandvatn	Avstand til sommarbilveg 200 meter		
Spreidd fritidsbustad	63.2	Lognavatn	Avstand til sommarbilveg 10 meter		
Spreidd fritidsbustad	64	Rundatjønnæ			
Spreidd fritidsbustad (2)	66	Egså	Avstand til sommarbilveg 200 meter		
Spreidd fritidsbustad	69	Ytre Mjåvatn			
Spreidd fritidsbustad	74	Heimre Mjåvatn			
Spreidd fritidsbustad	81.1	Sjåvasstjønnæ			
Spreidd fritidsbustad	81.2	Stemvatn			
Spreidd fritidsbustad	84.1	Langetjønn	Opphøveleg plassering vert behalde		
Spreidd fritidsbustad	84.2	Søtetjønn			

Spreidd fritidsbustad	86	Øre	Umiddelbar nærleik til offentleg veg		
Friområde	87	Øre			

## 5.2 Bustad



Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnærering	Naturmangfald	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
3	Grokleiv		0			0											
7	Maddan		0	0				0							0		
9	Smeland		0	0											0		
26	Skarpeteigen		0	0		0		0							0		
44	Skarpeteigen		0	0		0		0							0		
35.1	Nordstovbakken Vest		0	0		0		0							0		
35.2	Nordstovbakken Aust		0	0				0							0		
37	Åsland		0	0		0		0				0			0		
40	Lognavatn					0		0							0		
46	Kyrkjebygda		0	0		0		0							0		
48	Tvørrbakka		0			0		0							0		
49	Karten		0	0		0		0							0		
56	Grokleiv		0			0											
75	Madland		0	0		0		0							0		
80	Hamkoll		0	0		0		0							0		

### 3 Grokleiv

Nr. 3		
Gnr/bnr:	3/88	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Grokleiv	
Dagens formål:	Bustad / LNFR	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 12,2 daa	
Forlagsstillar:	Ivar og Synnøve Åsland	
Omtale av innspelet:	Ynskjer at området skal regulerast til bustadføremål. Tenker det er plass til omtrent 4-5 einingar.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av området:	Ligg i nærheita av eksisterande bustadfelt i Grokleiv, litt over 1 km frå Kyrkjebygd sentrum. Vest-vendt skråning ved fylkesveg 455. Består av høgbonitets planta granskog.  Deler av området er avsett til bustadformål. Ligg i tilknytning til innspel nr. 56	
0-alternativet:	Området vert liggande som i dag, vidare skogsdrift.	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av høg bonitet som er nær til veg.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	--	Byvegen er den gamle ferdselsvegen mot kysten, ligg langs området. Viktig lokalt kulturminne som må ivaretakast. Ev. avbøtande tiltak gjennom bruk av føresegner og omsynssoner.
Stadkvalitetar	++	Sentrumsnært og vestvendt, kveldssol. Noko bratt.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tap av høg bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenst. Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	-	Delar av området ligg innafor gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming



Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester. Sykkelavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg i tilknytning til eksisterande grend. Sykkelavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg i aktsemdsområde for snøskred.
Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg, gang- og sykkelveg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Gang- og sykkelveg til sentrum. Gangavstand til busstopp.
Naturområde og friareal	-	Tiltaket vil ha påverknad på tilgang til friareal. Området er delvis i bruk sidan gamle byvegen går gjennom området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ønske om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Området ligg nærme eksisterande bustadfelt. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Det er ein del omsyn som må takast grunna bratt terreng og aktsemdsområde for snøskred. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
Konklusjon		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Det vert satt krav om detaljregulering. Må sjåast i samanheng med innspel nr. 56.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Krav om felles reguleringsplan med innspel nr. 56 Radon Støy Terrengtilpassing Snøskred med vurdering av skogeffekt Gamle Byvegen		

## 7 Maddan

Nr. 7		
Gnr/bnr:	4/146 og 4/7	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Maddan	
Dagens formål:	Sentrumsføremål	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	15,2 daa	
Forslagsstillar:	Fredrik Åsland	
Omtale av innspelet:	Ynskjer å nytte området til bustad	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av området:	Sentrumsnært område, beståande delvis av dyrka jord. Regulert til bustad og jord- og skogbruk i reguleringsplan. Er avsett til sentrumsføremål i KPA. Ser det som hensiktsmessig å sette det av til bustad.	
0-alternativet:	Området vert delvis utbygd som regulert. Den dyrka jorda vert drive som før.	
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Omtale</b>
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	---	Området består delvis av ein fjellkulle som er synleg i landskapet og som vil bli negativt påverka. Det vil og vere tap av produktiv jordbruksareal som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+++	Området ligg langs Logna med gode soltilhøve. Det er gangavstand til sentrumsfunksjonar.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Logna bør bevarast
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal og tap av fulldyrka jord.
Stråling	-	Usikker/moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg innanfor støysone frå fylkesveg – lågt støynivå
<b>Sosiale faktorar</b>		



Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg i tilknytning til sentrum. Gangavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, bade plass.
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg delvis i aktsemdssone for snøskred og delvis i flaumsone for 200-års flaum.
Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg, gang- og sykkelveg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Kort avstand til busstopp. Gang- og sykkelveg til sentrum.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ønske om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Området ligg nærme eksisterande bustadfelt. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av dyrka mark. Det er ein del omsyn som må takast landskap, flaumsone og aktsemdsområde for snøskred. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Det vert satt krav om detaljregulering. Må sjåast i samanheng med bustadområde i reguleringsplan for Kyrkjebygd sentrum		
<b>Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Naturfare (snøskred og flaum) Støy Terrengtilpassing		

## 9 Smeland

Nr. 9		
Gnr/bnr:	25/4	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Smeland	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca 5 dekar	
Forslagsstillar:	Ole Gunnar Reiersdal	
Omtale av innspelet: Ynskjer å sette av 3 bustadtomter		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Omtale av området: Området ligg i tilknytning til grenda Smeland langs fv. 4030. Området er austvendt og består i dag av skogsmark og beitemark.  Området er avsatt til LNF-område i kommuneplanen.		
0-alternativet: LNF-området med skogsdrift/utmarksbeite.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	---	Område består av delvis dyrkbar jord, skog og beite.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Ligg i tilknytning til grenda Smeland. Området ligg langs fylkesveg 4030 med morgonsol. Romsleg og landlege omgjevnader.
Blågrøn faktor	-	Kantsone og buffer mot bekken som renn gjennom området må sikrast.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tap av høg bonitets skogsmark som bind CO2 Tap av dyrkbar jord
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon.
Støy og vibrasjonar	-	Ligg innanfor støysone frå fylkesveg – lågt støynivå
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	-	Lang avstand til tenester (skule, barnehage, butikk mm.)



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Ligg i tilknytning til eksisterande grend. Lang avstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Fare for både snøskred, jord og flaumskred, samt steinsprang og radon
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg veg
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Busstopp i nærheita (bestillingsrute)
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggest til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ønske om variert bustadtilbod i grendene. Området ligg nært til grenda Smeland. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av dyrkbar mark. Området må utgreiast med tanke på fare for steinsprang, jord- og flaumskred, samt radon og snøskred. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
Konklusjon		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Sidan det er fleire faresoner i området bør det stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan og ikkje for utbygging av enkelttomter. I tillegg er det viktig å få felles avkøyring inn til tomtene slik at ein unngår mange avkøyringar frå fylkesvegen.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Aktsemd snøskred Aktsemd jord- og flaum Aktsemd steinsprang Støy Bekk (kantsone og buffer mot bygningar)		

## 26 Skarpeteigen

Nr. 26		
Gnr/bnr:	1/56	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Skarpeteigen	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 4,3 daa	
Forslagsstillar:	Knut Olav Eikerapen	
Omtale av innspelet:	Ynskjer at heile teigen kan nyttast til bustadområde	
Omtale av området:	<p>Området ligg inne i mellom spreidd busetnad på Skarpeteigen i Kyrkjebygd. Området består delvis av skog, grunnlendt mark og fjell i dagen. Deler av området er bratt.</p> <p>Ligg like ved innspel 44</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Bruk som i dag, naturen blir bevara.	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Området ligg som ein kulle mellom hus og vegar på Skarpeteigen. Avgrensa bruk som beiteområde.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+++	Lige like ved andre tiltak og bygg og blir ein del av bustadområdet på Skarpeteigen. Området er brattlent med gode soltilhøve og landlege kvalitetar.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal og tap av innmarksbeite.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester. Sykkelavstand til skule, barnehage, butikk mm.



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Sykkelavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Nedre del av området ligg innanfor flaumsone og deler av området ligg i aktsomsonen snøskred
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+	Kort avstand til busstopp (1-2km)
Naturområde og friareal	0	Lite brukt som nærfriluftsliv i dag.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk		Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadtomter i Kyrkjebygd, og spesielt på vestsida av Monn, har høg prioritet. Området ligg i umiddelbar nærleik til andre bustader på Skarpeteigen/Åsland. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg og infrastruktur. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av innmarksbeite. Området må utgreiast med tanke på fare for flaum og snøskred, samt radon. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Sidan det er fleire faresoner i området og for å få ei god utnytting av heile området, bør det stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan og ikkje berre legge opp til ei enkeltomt.		
<b>Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Fare for flaum og snøskred Radon Avklare antal einingar, bør vere minimum 2 einingar Krav om felles arealplan med innspel nr 44		

## 44 Skarpeteigen

Nr. 44		
Gnr/bnr:	1/13	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Skarpeteigen	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 2,2 daa	
Forslagsstillar:	Wenche Åsland	
Omtale av innspelet:	Ynskjer bustadtomt	
Omtale av området:	<p>Området ligg inne i mellom spreidd busetnad på Skarpeteigen i Kyrkjebygd. Området består delvis av skog, grunnlendt mark og fjell i dagen. Deler av området er bratt.</p> <p>Ligg like ved innspel 26</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Natur- og skogsområde som i dag	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	-	Området ligg som ein kolle mellom hus og vegar på Skarpeteigen. Avgrensa bruk som beiteområde.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+++	Lige like ved andre tiltak og bygg og blir ein del av bustadområdet på Skarpeteigen. Området er brattlent med gode soltilhøve og landlege kvalitetar.
Blågrøn faktor	0	Ingen registrerte i området.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal og tap av innmarksbeite.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester. Sykkelavstand til skule, barnehage, butikk mm.




Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Sykkelavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Deler av området ligg i aktsemdsone snøskred
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+	Kort avstand til busstopp (1-2km)
Naturområde og friareal	0	Lite brukt som nærfriluftsliv i dag.
Konsekvensar for næringslivet	++	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk		Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadtomter i Kyrkjebygd, og spesielt på vestsida av Monn, har høg prioritet. Området ligg i umiddelbar nærleik til andre bustader på Skarpeteigen/Åsland. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg og infrastruktur. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av innmarksbeite. Området må utgreiast med tanke på fare for snøskred, samt radon. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
Konklusjon		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Sidan det er fleire faresoner i området og for å få ei god utnytting av heile området, bør det stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan og ikkje bare legge opp til ei enkelttomt.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Fare for flaum og snøskred Radon Avklare antal einingar, bør vere minimum 2 einingar Krav om felles arealplan med innspel nr 26		

## 35.1 Nordstovbakken Vest

Nr. 35.1		
Gnr/bnr:	2/3	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Nordstovbakken Vest	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 6 daa	
Forslagsstillar:	Olav Åsland	
Omtale av innspelet:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Ynskjer at områda skal nyttast til bustad. Talet på einingar vil avhenge av avstandskrav, vegløyning og grunnforhold		
Omtale av området:		
To områda, som er vurdert kvar for seg, heretter omtala som område i aust og vest. Ligg i Kyrkjebygd, på vestsida av Monn. Ligg i jordbruksområde med landbrukseigedomar og spreidde einebustadar.		
Begge områda består av innmarksbeite. Området i vest ligg på ein knatt mellom to jorda.		
0-alternativet:		
Området vert nytta til innmarksbeite slik som i dag.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	---	Tap av innmarksbeite. Fører delvis til oppstyking av samanhengande jordbruksareal.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrert
Stadkvalitetar	+++	Sentrumsnært med gode soltilhøve og landlege kvalitetar. Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av innmarksbeite
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Gangavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, badeplass.
Samfunn og livsstillfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg delvis i aktsemdsområde for snøskred og flaum. Ligg utanfor faresone for flaum



Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Kort avstand til busstopp. Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Området er allereie prega av busetnad i nærleiken.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggst til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i målsetjingar i ynskje om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Innspelet ligg i eit område der det er stor etterspurnad etter bustad. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av innmarksbeite.</p> <p>Området ligg i aktsemdsområde for snøskred. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.</p>		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
<p>Krav til detaljregulering</p> <p>Naturfare</p> <p>Det bør setjast eit minimumskrav til antal einingar.</p> <p>Radon</p> <p>Sikre tilgang til jorda</p>		

## 35.2 Nordstovbakken Aust

Nr. 35.2		
Gnr/bnr:	2/3	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Nordstovbakken Aust	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 3,5 daa	
Forslagsstillar:	Olav Åsland	
Omtale av innspelet:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Ynskjer at områda skal nyttast til bustad. Talet på einingar vil avhenge av avstandskrav, vegløyning og grunnforhold		
Omtale av området:		
To områda som er vurdert kvar for seg, heretter omtala som område i aust og vest. Ligg i Kyrkjebygd, på vestsida av Monn. Ligg i jordbruksområde med landbrukseigedomar og spreidde einebustadar.		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Begge områda består av innmarksbeite. Området i aust ligg mellom vegen og elva Monn.		
0-alternativet:		
Området vert nytta til innmarksbeite slik som i dag.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av innmarksbeite.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrert
Stadkvalitetar	+++	Sentrumsnært med gode soltilhøve og landlege kvalitetar. Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Monn bør ivaretakast.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av innmarksbeite
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Gangavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i flaumsone. Området vert delvis oversvømt jamleg.
Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.



Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Kort avstand til busstopp. Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Området er allereie prega av busetnad i nærleiken.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
<p>Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ynskje om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Innspela ligg i eit område der det er stor etterspurnad etter bustad. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av innmarksbeite.</p> <p>Området ligg svært utsett til for flaum. Ei bustadtomt vil måtte hevast som vil føre til ei større fylling. Grunna kort avstand mellom vegen og elva Monn vil fyllingsfoten bli liggande ved elvekanten og faren for erosjon er stor. Området bør difor ikkje bebyggast.</p>		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert ikkje teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

## 37 Åsland

Nr. 37		
Gnr/bnr:	1/1	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Åsland	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 7 daa	
Forslagsstillar:	Trond Harry Åsland	
Omtale av innspelet:	<p>Ynskjer at området skal nyttast til bustad, bratt tilkomst, men ser for seg inntil 2 einigar</p> <p>Bør vurderast i samanheng med innspel nr. 26 og 44</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av området:	<p>Skogkledd kolle midt i kulturlandskapet på Åsland i Kyrkjebygd. Bratt område med synlege fjellparti. Det ligg gardstun og hus i nærleiken.</p> <p>Ligg i nærleiken av innspel nr 26 og 44.</p>	
0-alternativet:	Naturområde som i dag.	
Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	--	Området ligg på ein kolle ved veg på Skarpeteigen. Tap av låg til middels bonitets skogsmark som er lett tilgjengeleg. Inngrep i synleg landskapselement.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+++	Ligg like ved andre tiltak og bygg og ein del av bustadområde ved Skarpeteigen. Området er brattlent med gode soltilhøve og landlege kvalitetar.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester. Sykkelavstand til skule, barnehage, butikk mm.



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Sykkelavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ingen registrerte naturfarer slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+	Kort avstand til busstopp (1-2km)
Naturområde og friareal	0	Ikkje i bruk som nærfriluftsområde i dag
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggst til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadtomter i Kyrkjebygd, og spesielt på vestsida av Monn, har høg prioritet. Området ligg i umiddelbar nærleik til andre bustader på Skarpeteigen/Åsland. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg og infrastruktur. Området må utgreiast med tanke på fare for radon. Kan sjåast i samanheng med innspel nr. 26 og 44.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Terrengtilpasning og landskapstilpasning. Radon		

## 40 Lognavatn

Nr. 40		
Gnr/bnr:	13/3	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Lognavatn	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 11,5 og 2,1 daa	
Forslagsstillar:	Trond Egil Åknes	
Omtale av innspelet:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Ynskjer ei tomt i området lengst aust. Ynskjer at ein ser på området lengst vest til framtidig bustadområde.		
Omtale av området:		
Austvend li langs Austegardsvegen ved Lognavatn.		
Ligg om lag 22 km frå sentrumsfunksjonar i Kyrkjebygd. Området ligg mellom grendene Åknes og Austegard. Det er i dag eitt anna hus i same område.		
0-alternativet:		
Natur- og skogsområde som i dag.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av middels til høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Observasjon av sensitiv art i området. Observasjonen er gjort tilbake i tid.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Murar etter skulen som låg mellom Åknes og Austegard.
Stadkvalitetar	++	Austvend li med sol store deler av dagen med unntak av kveldssol. Landleg. Ligg like i nærleiken av Lognavatn.
Blågrøn faktor	0	Ligg like ved Lognavatn, men vegen går mellom vatnet og området. Derfor lite konflikt med tanke på strandsona.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels til høg bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for randon. Lågspenit går langs området, men berører ikkje sjølve området
Støy og vibrasjonar	0	Ingen kjende
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	-	Lang avstand til tenester (skule, barnehage, butikk mm.)
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg i tilknytning til eksisterande grend. Sykkellavstand til møteplassar som grendehus, Åknes kapell, badeplass.



Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i aksemdsområde for snøskred, jord- og flaumskred, steinsprang og inntil flaumsone.
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur. Offentleg VA om lag 500 meter unna. Fiber i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Busstopp i nærheita (bestillingsrute)
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadtomter bør prioriterast med bakgrunn i ynskje om variert bustadtilbod kring grendene. Området ligg nær til eksisterande bustad og midt mellom to grender. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og Lognavatn. Området må utgreiast med tanke på fare for steinsprang, jord- og flaumskred, radon, snøskred og avstand til vassdrag.		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare. Det blir stilt krav om samla detaljregulering for innspela.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Jord og flaumskred Steinsprang Radon Snøskred med og utan skogeffekt. Avstand til vassdrag		

## 46 Kyrkjebygda

Nr. 46		
Gnr/bnr:	2/19	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Kyrkjebygda	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 3 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet: Ynskjer å nytte området til bustad, 1-2 einingar		
Omtale av området: Området ligg midt i kulturlandskapet like ved brua over Monn i Kyrkjebygd. Området har tidlegare vore brukt som dyrka mark, men i seinare år blitt ein del av hage- og plenarealet til garden.		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
0-alternativet: Området vert liggande som i dag.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av avgrensa område med innmarksbeite og overflate-/fulldyrka jord
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+++	Sentrumsnært med gode soltilhøve og landlege kvalitetar. Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø.
Blågrøn faktor	0	Ingen registrerte
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av overflate/fulldyrka jord.
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Gangavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, badeplass.



Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i faresone for flaum
Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg og infrastruktur Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Kort avstand til busstopp. Ligg like i nærleiken av gang- og sykkelveg til sentrum.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Området er allereie prega av busetnad i nærleiken.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggest til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ynskje om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Innspela ligg i eit område der det er stor etterspurnad etter bustad. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av dyrka jord. Området er avgrensa og ligg mellom bustadar og veg, vil ikkje føre til ei fragmentering av kulturlandskapet.</p> <p>Området ligg i faresone for flaum og det er høg fare for radon. Ligg tett på eksisterande bustader. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.</p>		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare. Det blir stilt krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
<p>Detaljregulering, krav om minimum to bustader</p> <p>Flaum</p> <p>Radon</p>		

## 48 Tvørrbakka

Nr. 48		
Gnr/bnr:	2/19	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Tvørrbakka	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad/LNF spreidd	
Arealstorleik:	Ca. 26,3 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet: Ynskjer område til bustad/ LNF spreidd bustad		
Omtale av området: Området ligg i ei austvendt li i tilknytning til Karten. Området er skogkledd med barskog og blandingskog.		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
0-alternativet: Skogsområde som i dag		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av utmarksbeite og produktiv skogsmark av middels til høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar.
Kulturminne og kulturmiljø	-	I øvre del ligg den gamle ridevegen mellom Sosteli og Eiken. Det er registrert mur etter kvernhus i området, men her er bygningen fjerna.
Stadkvalitetar	++	Sentrumsnært og landlege kvalitetar, ligg i nærleik til eksisterande bumiljø.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels til høg bonitets skogsmark som bind CO2. Tap av utmarksbeite.
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Kort veg til møteplassar som fleirbrukshall, bedehus, kyrkje, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Delar av området ligg i faresone for flaum, snøskred og jordskred
Teknisk infrastruktur	++	Området ligg i nærleiken av veg og teknisk infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	++	Kort avstand til busstopp.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggest til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Bustadområde bør prioriterast med bakgrunn i ynskje om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Innspelet ligg i eit område der det er stor etterspurnad etter bustad. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar.</p> <p>Området ligg i faresone for flaum, snøskred og jordskred og det er høg fare for radon. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.</p>		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare. Det bør stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan for å få ei god terrengtilpassing		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Krav om reguleringsplan Flaum Snøskred Jordskred Radon Terrengtilpassing		

## 49 Karten

Nr. 49		
Gnr/bnr:	2/19	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Karten	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	1,1 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet:		
Ynskjer bustadtomt. Området kan ifølgje innsendar ikkje slåast fordi det er for blaut.		
Omtale av området:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Området ligg midt i kulturlandskapet langs vegen inn til Karten i Kyrkjebygd. Arealet er fulldyrka jord.		
0-alternativet:		
Arealet blir behalde som fulldyrka mark.		
Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnærings	---	Tap av fulldyrka mark som er lett tilgjengeleg. Gjer resten av jordet mindre attraktivt å drive.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
Stadkvalitetar	+++	Sentrumsnært med gode soltilhøve og landlege kvalitetar. Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tap av fulldyrka mark.
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ingen aktuelle
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	+++	Kort avstand til tenester. Gangavstand til skule, barnehage, butikk mm.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Ligg sentrumsnært og i nærheita av andre bustader. Gangavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, bade plass..



Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Fare for flaum i deler av området
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentlig veg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	++	Kort avstand til busstopp
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med bakgrunn i ynskjer om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd . Innspelet ligg i eit område der det er stor etterspurnad etter bustad. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar.		
Området ligg delvis i faresone for flaum og det er høg fare for radon. Det må sikrast tilkomst til dyrka areal		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaum Radon Sikre tilkomst til dyrka areal		

## 56 Grokleiv

Nr. 56		
Gnr/bnr:	3/7	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Grokleiv	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 18 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet:	Ynskjer å sette av området til bustad. 1-3 einingar	
Omtale av området:	Området ligg i forlenging frå byggefeltet Grokleiv i Kyrkjebygd. Innspel nr 3 ligg mellom dette området og eksisterande byggefelt. Består i dag av skogkledd li. Delvis bratt terreng.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Skog som i dag.	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av høg bonitet som er nær til veg.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	--	Byvegen er den gamle ferdselsvegen mot kysten, ligg langs området. Viktig lokalt kulturminne som må ivaretakast. Ev. avbøtande tiltak gjennom bruk av føresegner og omsynssoner.
Stadkvalitetar	++	Sentrumsnært og vestvendt, kveldssol. Noko bratt.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tap av høg bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	-	Delar av området ligg innafor gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester. Sykkelavstand til skule, barnehage, butikk mm.



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Ligg i tilknytning til eksisterande grend. Sykkellavstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter, badeplass.
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg i aktsemdsområde for snøskred.
Teknisk infrastruktur	+++	Ligg i tilknytning til offentleg veg, gang- og sykkelveg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Gang- og sykkelveg til sentrum. Gangavstand til busstopp.
Naturområde og friareal	-	Tiltaket vil ha påverknad på tilgang til friareal. Området er delvis i bruk sidan gamle byvegen går gjennom området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Kyrkjebygd skal styrkast som sentrum.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i ynskje om variert bustadtilbod kring Kyrkjebygd. Området ligg nærme eksisterande bustadfelt. Ein ser området som attraktivt grunna kort avstand til sentrum og gode stadlege kvalitetar. Det er ein del omsyn som må takast grunna bratt terreng og aktsemdsområde for snøskred. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet bli teke med vidare i planarbeidet. Det vert satt krav om detaljregulering. Må sjåast i samanheng med innspel nr. 3		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Krav om felles reguleringsplan med innspel 3 Radon Støy Terrengtilpassing Snøskred med vurdering av skogeffekt Gamle Byvegen		

## 75 Madland

Nr. 75		
Gnr/bnr:	28/3	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Madland	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	2,9 daa	
Forslagsstillar:	Jan Arild Bjørndal	<p>Omtale av innspelet:</p> <p>Ynskjer 3 bustadtomter</p>
Omtale av området:	Skogsområde, relativt bratt område. Ligg i nærheita av område for spreidd bustad	
0-alternativet:	Skogsareal som i dag	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av låg til høg bonitet.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Solrikt område med utsikt. Svært landleg. Svært bratt tilkomst.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av låg til høg bonitets skogsmark som bind CO2.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ingen
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	-	Lang avstand til tenester (skule, barnehage, butikk mm.)
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Ligg i tilknytning til eksisterande grend. Lang avstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter.
Samfunn og livstilfaktorar		

Risiko og sårbarheit	--	Ligg delvis i område med fare for snøskred.
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg veg
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Lang avstand til busstopp (over 2 km)
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadar vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med bakgrunn i ynskje om variert bustadtilbod kring grendene. Attraktive bustadtomter i heile Åseral er sett på som viktig. Ein ser området som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg. Området må utgreiast med tanke på fare for radon og snøskred, samt terrengtilpassing. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte.		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Fare for snøskred med vurdering av skoeffekt Radon Terrengtilpassing		

## 80 Hamkoll

Nr. 80		
Gnr/bnr:	16/1	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Hamkoll	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	Ca. 3 daa pr. tomt	
Forslagsstillar:	Dagrun Juvastøl og Bjørn Erik Smeland	
Omtale av innspelet: Ynskjer to bustadtomter til einebustad		
Omtale av området: Område med innmarksbeite og spreidd bustad. Relativt ope landskap i enden av dalføre.		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
0-alternativet: Innmarksbeite som i dag		
Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	--	Tap av innmarksbeite
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar berørt.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne, men ligg i omsynssone for kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen.
Stadkvalitetar	++	Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø i område med landlege kvalitetar
Blågrøn faktor	0	Ingen bekkar i avsatt område
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av innmarksbeite
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	-	Lang avstand til tenester (skule, barnehage, butikk mm.)
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø. Lang avstand til møteplassar som grendehus, fleirbrukshall, bedehus, kultursenter.

Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg delvis i aktsemdsområde for snøskred. Området i sør grenser til aktsemdsområde for flaum
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg og privat veg
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Lang avstand til busstopp
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+	Samfunnsdelen: Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.  Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med bakgrunn ynskje om variert bustadtilbod kring grendene. Attraktive bustadtomter i heile Åseral er sett på som viktig. Ein ser områda som attraktivt grunna nærleiken til natur og friluftsliv og landlege tomter, samt offentleg veg. Området må utgreiast med tanke på fare for radon og snøskred.		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Plankrav Radon Snøskred Løysning for tilkomst for område lengst nord. Omsynssone bør ivaretakast		

## 5.4 Fritidsbustader

Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnærning	Naturmangfald	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
11	Listløy			0	IR				IR	IR	IR			IR			
13	Tveit								IR	IR	IR			IR	0		
24	Liestøl			0	IR	0			IR	IR	IR			IR	0	0	0

## 11 Listløy

Nr. 11	
Gnr/bnr:	
Stad/plassering:	Listløy
Dagens formål:	LNF spreidd bustad
Foreslått formål:	Fritidsbebyggelse
Arealstorleik:	Ca. 5,7 daa og 3 daa
Forslagsstillar:	Terje Verdal
Omtale av innspelet:	Ynskjer å legge inn område for hyttetomter
Omtale av området:	Området er satt av til LNF-spreidd bustad. Området er lågareliggende skogsområde nært til Årdalsvatn og fylkesveg 4028. Det ligg fleire spreidd fritidsbustader i området i dag.
0-alternativet:	

Kart med innspelet

Flyfoto med kommuneplanen og innspelet

Natur og friluftsområde som i dag





Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	-	Plassering av bygg i området har mykje å seie for konsekvensar for landskap, spesielt i forhold til nærleiken til vatnet. Kan i nokon grad kome i konflikt med primærnæring, men sidan det alt ligg fleire fritidshytter i området med infrastruktur har dette mindre betydning.
Naturmangfald	-	Observasjon av sensitiv art i området. Observasjonen er gjort tilbake i tid og det er ikkje registrert hekkeområde.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	0	Ikkje relevant
Blågrøn faktor	--	Avstand til vatn, buffersone er viktig slik at ein ikkje privatiserer strandsona
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av middels bonitets skogsmark som bind CO2.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ikkje relevant
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i aktsemdsområde for flaum
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i nærleiken av offentleg veg og infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	-	Må sikre tilkomst langs strandarealet
Konsekvensar for næringslivet		Bygging av nye hytter kan vere positivt for lokale entreprenørar.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i eksisterande utbyggingsområde eller leggjast innntil eksisterande felt.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Endring frå spreidd bustadbygging til spreidd fritidsbygging vil vere meir i tråd med dagens bruk av området der det alt ligg fleire fritidshytter i nærområdet. Det må stillast krav om reguleringsplan for å få ei god heilskapeleg utbygging i området.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
<b>Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Krav til detaljplan med avklaring av følgjande tema Flaum Radon Strandsone		

## 13 Tveit

Nr. 13		
Gnr/bnr:	38/4	Kart med innspelet
Stad/plassering:	Tveit	
Dagens formål:	LNF / spreidd / bustad	
Foreslått formål:	Fritidsbustad	
Arealstorleik:	Ca. 50 daa	
Forslagsstillar:	Terje Verdal	
Omtale av innspelet:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet
Ynskjer å nytte området til hyttetomter. Lav-kostnadstomter med så lite inngrep i naturen som mogleg. Kan ikkje sei noko om kor mange einingar det er snakk om.		
Omtale av området:		
Området er satt av til LNF-spreidd bustad og bustad. Området er lågareliggande skogsområde i enden av Handellandsvatnet. Ligg like ved fylkesveg 4028. Det ligg nokre spreidde fritidsbustader på andre sida av vatnet, området er elles prega av spreidd busetnad.		
0-alternativet:		
Skogsområde som i dag, med moglegheit for å kunne bygge bustad.		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Ligg i eit natur- og beiteområde. Tap av låg til middels bonitets skogsmark.
Naturmangfald	-	Ingen registrerte raudlisteartar Handellandsvatnet er registrert som rik kulturlandskapsjø med verdi viktig. Aust for området er det registrert naturtypen naturbeitemark med verdi viktig.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte kulturminne, men ligg i omsynssone for kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen. Hyttefelt vil kunne ha negativ innverknad på kulturmiljøet.
Stadkvalitetar	+	Naturområde med landlege kvalitetar.
Blågrøn faktor	--	Ligg mindre enn 50 meter frå Handellandsvatnet. Kantsone mot vatnet bør ivaretakast
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ligg utanfor støysone

Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg i faresone for flaum. Bør vere mogleg å unngå.
Teknisk infrastruktur	+	Ligg i tilknytning til offentleg veg
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Området er avgrensa og ligg i eit stort naturområde. Tiltaket vil ha liten påverknad på tilgang til friareal.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygging av nye hytter kan vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Samfunnsdelen: Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i eksisterande utbyggingsområde eller leggjast inntil eksisterande felt.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Endring frå spreidd bustad/bustad til fritidsbustad vil ikkje vere i tråd med dagens bruk av området som ligg i direkte tilknytning til grenda Tveit. Kommunen ynskjer heller å styrkje busetnad i området framfor fritidsbustadar.		
Konklusjon		
Innspelet vert ikkje teken med vidare. Området vert vidareført som spreidd bustad/bustad.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaum		

## 24 Liestøl

Nr. 24		
Gnr/bnr:	21/6	Kart med innspelet
Stad/plassering:	Liestøl	
Dagens formål:	Bustad	
Foreslått formål:	Bustad, LNF, fritidsbustad	
Arealstorleik:		
Forslagsstillar:	Magnhild Snaprud	
Omtale av innspelet:	<p>Ynskjer å endre gjeldande føremål for deler av grunneigedomen på Liestøl. Pr i dag er eit større område avsett til bustadføremål. Foreslår at at deler av området vert tilbakeført til LNF.</p> <p>Ynskjer å føre opp ei mindre koie på ca. 30 m2 på kollen sør for vegen, foreslår derfor å endre eit mindre areal frå bustad til fritidsbustad.</p>	
Omtale av området:	<p>Området ligg midt i den fråflytta grenda Liestøl. Tomta som er ynska til fritidsbustad er opparbeida. Området består elles av skog, overflatedyrka mark og kulturlandskap.</p>	<p style="text-align: center;">Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Ligg regulering til bustadområde i dag	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	+	Tilbakeføring til LNF-formål fører til ein positiv konsekvens for landskap og primærnæring
Naturmangfald	+	Meir ivaretaking av naturmangfald ved å tilbakeføre til LNF-formål
Kulturminne og kulturmiljø	0	
Stadkvalitetar	0	
Blågrøn faktor	0	
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2. Tap av overflatedyrka mark. Mindre tap ved tilbakeføring av deler av området.
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ikkje relevant
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant

Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg i aktsemdsområde for snøskred
Teknisk infrastruktur	---	Ingen infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	0	Ingen endring ved formålsending
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	0	Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg. Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i allereie utbygde område eller leggjast inntil eksisterande felt.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Å legge til rette for fritidsbustad midt inne i eit kulturlandskap i ei grend kan vere negativt for primærnæringa. Det er imidlertid positivt at området til utbygging er betydeleg redusert. I dette området er også alle bruka fråflytta og det er heller ikkje offentleg veg inn til området. Husa på bruka på Liestøl vert alle nytta til fritidsbustad.		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Plankrav Aktsemdssone snøskred Radon		


## 5.5 Råstoffutvinning

Nr	Kategori/Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnærning	Naturmangfald	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
14	Smeland		0	0						IR	IR			IR	IR	0	
15	Smeland		0	0						IR	IR			IR	IR	0	
20	Under Tjovskora			0		0			0	IR	IR			IR	IR		
42	Hesteberget			0						IR	IR			IR	IR		
55	Smeland		0	0						IR	IR			IR	IR		
67	Stinemyr		0	0						IR	IR	0		IR	IR		
71	Aurebekk			0		0			0	IR	IR			IR	IR		
72	Setan		0	0					0	IR	IR			IR	IR	0	


## 14 Smeland

Nr. 14	
Gnr/bnr:	25/7
Stad/plassering:	Smeland
Dagens formål:	LNF spreidd bustad
Foreslått formål:	Råstoffutvinning
Arealstorleik:	Ca. 8 daa
Forslagsstillar:	Helge Eikild
Omtale av innspelet:	Ynskjer at markert område skal settast av til masseuttak i kommuneplan. Området er litt nord for kanalen ved Smeland kraftverk
Omtale av området:	Området ligg like ved Smeland kraftverk og like aust for fylkesveg 4030. Området er i dag delvis utmarksbeite og skog. Deler av området er alt teke i bruk som massetak.
0-alternativet:	


Kart med innspelet



Flyfoto med kommuneplanen og innspelet





Same bruk som i dag.



Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	-	Tap av beitemark og middels produktiv skogsmark, men området kan tilbakeføres til denne bruken etter avslutta uttak.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlistearter.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Området ligg godt skjerma mot innsyn, skogen langs fylkesvegen bidreg og til å skjerme området. Området er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen. Det er eksisterande masseuttak på området i dag.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels bonitets skogsmark som bind CO2 Tap av innmarksbeite
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er ikkje gunstig med tanke på plassering i landskapet og avstand til omkringliggende busetnad
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
<b>Samfunn og livsstillfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Det er fare for snøskred og flaum i området.
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg med etablert avkøyrsløse
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	0	Utviding av eksisterande verksemd i området
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+	Næringsetableringar skal lokaliseras etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området er delvis i bruk og ligg like i nærleiken av tilsvarande anlegg. Heile området ligg i skjul for innsyn.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaumfare Snøskred Radon Avklaring kring konsesjon om masseuttak		



Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag.  
Kantsone mot vatn bør ivaretakast

## 15 Smeland

Nr. 15		
Gnr/bnr:	25/5	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Smeland	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 17 daa	
Forslagsstillar:	Helge Eikild	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av innspelet:	Ynskjer at markert område skal settast av til masseuttak i kommuneplan. Området er litt sør for kanalen ved Smeland kraftverk	
Omtale av området:	Området ligg sør for Smeland kraftverk og like aust for fylkesveg 4030. Området er i dag delvis innmarksbeite og delvis i bruk som massetak.	
0-alternativet:	Innmarksbeite som i dag.	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av innmarksbeite nært til garden og noko skog av høg bonitet, men området kan tilbakeførast til denne bruken etter avslutta uttak.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Den nordlege delen av området ligg godt skjerma mot innsyn. Området er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen og eksisterande avkjørsel kan nyttast. Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø. Det er eksisterande masseuttak på området i dag.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av noko høg bonitets skogsmark som bind CO2. Tap av innmarksbeite
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon



Støy og vibrasjonar	--	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er ikkje gunstig med tanke på plassering i landskapet og avstand til omkringliggande busetnad
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Fare for snøskred, flaum, jord- og flaumskred, samt utløpsområde for steinsprang
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg med etablert avkøyrsløse
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	0	Utviding av eksisterande verksemd i området
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+	Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området er delvis i bruk og ligg like i nærleiken av tilsvarande anlegg. Deler av området ligg godt skjerma mot innsyn og bustader. Sørleg del vil vere meir eksponert, gje tap av innmarksbeite, vere i konflikt med vassdrag og i nærleiken av busetnad. Området bør avgrensast til bekken som krysser området i sør.		
Konklusjon		
Deler av området vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaum Snøskred Steinsprang Jord- og flaumskred Radon Buffersone mot bekk Forureining Konsesjon		

## 20 Under Tjovskora

Nr. 20		
Gnr/bnr:	4/7	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Under Tjovskora	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 15-17 mål	
Forslagsstillar:	Fredrik Åsland	
<p>Omtale av innspelet:</p> <p>Ynskjer å ta ut masse frå området like nord for Torslandsbrua. Tanken er å ta ut masse og dyrke dette etterpå. Det har tidlegare vore massetak her, eksisterande innkøyrse blir brukt. Grovt merka opp i kart, ein vil ta ut det som ligg naturleg og greitt til. Ca. 15-17 mål</p>		
<p>Omtale av området:</p> <p>Området ligg på vestsida av fylkesveg 4030 like nord for Torslandskrysset. Det ligg eit lite massetak i området frå før. Elles er det skogkledd. Temakart viser stor andel av sand og grusmasser i sørleg del av området.</p>		<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
<p>0-alternativet:</p> <p>Skog og massetak</p>		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	--	Del av gammalt massetak som ikkje i standsett. Består av skog med låg til høg bonitet og dyrkbar mark. Området vil kunne nyttast som beite/dyrka mark etter avslutta tiltak.
Naturmangfald	-	Observasjon av sensitiv art i området. Observasjonen er gjort tilbake i tid og det er ikkje registrert hekkeområde.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen kjende kulturminne
Stadkvalitetar	++	Registrert som område med godt potensiale for sand og grus. Lett tilgjenge frå fylkesveg og etablert avkøyrse. Relativt nært til Kyrkjebymoen. Dersom ein beheld buffersone mot veg vil området vere godt skjerna.
Blågrøn faktor	0	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Tap av låg til høg bonitets skogsmark som bind CO2. Tap av dyrkbar mark
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	0	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.



Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Området ligg i faresone for snøskred, utløpssone for steinsprang og nordleg del ligg i faresone for jord- og flaumskred.
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg med etablert avkøyrsløse
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Tilgang på massar vil vere positivt for næringslivet
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området er delvis teke i bruk tidlegare, men er ikkje istandsatt. Etterbruk som beite/dyrka mark tel positivt. Nordleg del av området bør takast ut, både fordi ein unngår faresone for jord- og flaumskred og fordi området ikkje er registrert som område med grus og sand. Det bør setjast av buffersone mot veg så lenge massetaket er i drift.</p>		
Konklusjon		
Redusert område vert teken med vidare.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
<p>Flaum  Snøskred  Jord- og flaumskred  Radon  Buffersone mot veg  Konsesjon</p>		

## 42 Hesteberget

Nr. 42		
Gnr/bnr:	13/3	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Hesteberget	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 26 daa	
Forslagsstillar:	Trond Egil Åknes	
Omtale av innspelet:	<p>Ønsker at dette skal bli eit framtidig massetak. Størrelsen på areal kan nok sees på om det er sånn det bør være, kan justeres noko om det passer seg sånn. Areal ønskes da omregulert til næring med formål masseuttak og deretter ved endt virksomhet kan det brukes til for eksempel å sette opp lager/logistikkbygg og område for tømmeropplag ifm skogsdrift i området(ovenfor).</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av området:	<p>Området ligg like på austsida av fylkesveg 4030 ved Lognavatn. Området er ein skogkledd kolle. Noko av kollen vart teke ut i samband med opprusting og utviding av fylkesvegen.</p>	
0-alternativet:	<p>Skogsområde som i dag</p>	
Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	--	Tap av låg til høg bonitets skogsmark. Markert kolle i landskapet som er svært eksponert når ein køyrer langs vegen.
Naturmangfald	--	Registrert raudlistearta av nasjonal forvaltningsinteresse i nærområdet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ikkje registrert kulturminne i området.
Stadkvalitetar	-	Skogsområde som er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen. Markert fjellkolle i landskapet kring Lognavatn, vil vere synleg frå vegen.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av låg til høg bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	---	Høg fare for radon
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er ikkje gunstig med tanke på plassering i landskapet og avstand til omkringliggende busetnad
<b>Sosiale faktorar</b>		



Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i faresone for steinsprang og snøskred
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg med etablert avkøyrse
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	-	Det er allereie tilgang på massar i området (Tjaldal)
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg svært eksponert inn mot Lognavatn, med bratt fjell i bakkant som gjer området vanskeleg å skjerme under drift og istandsetje på ein god måte i etterkant. I tillegg trekk fareområda og funn av naturmangfald i området i negativ retning. Området er mindre egna som massetak. Det er nettopp gitt løyve til eit stort massetak på Tjaldal som vil oppfylle behov for massar i området.		
Konklusjon		
Innspelet vert ikkje teken med vidare.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

## 55 Smeland

Nr. 55		
Gnr/bnr:	25/4	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Smeland	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 20 daa	
Forslagsstillar:	Ole Gunnar Reiersdal	
Omtale av innspelet:	Ynskjer å nytte området til masseuttak (sand)	
Omtale av området:	Området ligg på austsida av Logna, tvers overfor Smeland. Området består av skog. Det går ein skogsbilveg gjennom området.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Skogsmark som i dag	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av middels til høg bonitets skogsmark, men området kan tilbakeførast til denne bruken etter avslutta uttak.
Naturmangfald	0	Det er ikkje registrert raudlistearter i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ikkje registrert kulturminne i området
Stadkvalitetar	-	På lausmassekart ligg område inne som brelvavsetning og ikkje område for grusavsetning. Lett tilgjengeleg då det går veg gjennom området. Svært eksponert for innsyn frå Smeland.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er ikkje gunstig med tanke på plassering i landskapet og avstand til omkringliggende busetnad
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i fareområde for snøskred, flaum og jord- og flaumskred.
Teknisk infrastruktur	--	Privat veg inn til området. Elles ingen kommunal infrastruktur.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	-	Det er allereie tilgang på massar i området.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Samla sett er det mange masseuttaksområde knytt til Smeland. Dette området ligg heilt for seg sjølv i eit urørt område. Eit slikt område bør ikkje startast opp før dei andre er ferdigstilt.		
<b>Konklusjon</b>		
Vert ikkje teken med vidare.		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Vurdering av konsesjon etter minerallova eller plan etter PBL Rekkefølgekrav Flaum Snøskred Flaum- og jordskred Radon Buffersone Forureining		

## 67 Stinemyr

Nr. 67		
Gnr/bnr:	42/12	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Stinemyr	
Dagens formål:	LNF, LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 31 daa	
Forslagsstillar: Marianne Ljosland og Jan Rune Øvland		
Omtale av innspelet:  Massetak for å ta ut masser til eige bruk. Og det ser ut til at det også er mye fine steiner som kan nyttast til mur. Det hadde vært fint dersom ein kunne selje desse. Størrelse på massetak ca. 50 mål.		
Omtale av området: Skogsområde		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
0-alternativet: Naturområde som i dag		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	-	Tap av låg til middels bonitets skogsmark. Består av to koller, vil bli et synleg inngrep i landskapet.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	--	Ligg i tilknytning til eksisterande bumiljø ved Stinemyr. Vil bli synleg i landskapet.
Blågrøn faktor	-	Ligg meir enn 100 meter frå vatn. Fleire bekkar og myr i nærheita. Fare for avrenning.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Deler av området har moderat til låg fare for radon.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er ikkje gunstig med tanke på plassering i landskapet og avstand til omkringliggende busetnad
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ingen registrerte naturfarer slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	-	Ligg innanfor 200 meter frå offentleg veg. Privat veg går langs området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Tilgang på massar i området vil vere positivt for næringslivet
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Samfunnsdelen: Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er ikkje spesielt eigna til massetak med tanke på plassering. Uttak til eige bruk er tillat slik området ligg i dag. Anbefaler at området vert vidareført slik det ligg i dag.		
Konklusjon		
Innspelet vert ikkje teken med vidare.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

## 71 Aurebekk

Nr. 71		
Gnr/bnr:	4/1, 4/9, 4/124	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Aurebekk	
Dagens formål:	LNF, LNF spreidd bustad, Næring	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 15 daa	
Forslagsstillar:	Tom Stulien	
Omtale av innspelet:	<p>Ynskjer at området vert avsett til massetak. Det kan også vere aktuelt å sette det av til næring. Den eksisterande «knatten» har stort potensial for masseuttak. Området ligg i tilknytning til eksisterande næringsområde/industriområde, og masseuttaket kan avsluttast på ein måte som sikrar nye næringsareal.</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Omtale av området:	<p>Området ligg direkte i tilknytning til næringsområdet på Aurebekk. Det er i dag ein gjeldande reguleringsplan innanfor deler av området. Området består av ein skogkledd kolle/li.</p>	
0-alternativet:	Naturområde som i dag	
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Omtale</b>
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	--	Tap av middels bonitets skogsmark og beiteareal
Naturmangfald	-	Observasjon av sensitiv art i området. Observasjonen er gjort tilbake i tid og det er ikkje registrert hekkeområde.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Lett tilgjengeleg. Etter endt bruk kan området nyttast til næring. Godt skjerma frå veggen.
Blågrøn faktor	0	Ingen registrerte
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels bonitets skog som lagrar karbon.
Stråling	-	Moderat til låg risiko for radon
Støy og vibrasjonar	0	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant

Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ligg i aktsemdsområde for snøskred og steinsprang
Teknisk infrastruktur	+++	All infrastruktur i umiddelbar nærleik
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+++	Er positivt at det blir lagt til rette for næringsområde ved allereie etablerte tiltak.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+++	Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg i tilknytning til etablert verksemd, med god skjerming mot innsyn og med etablert infrastruktur.		
Konklusjon		
Innspelet vert teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Krav til konsesjon Reguleringsplan Snøskred Steinsprang		

## 72 Setan



Nr. 72		
Gnr/bnr:	4/8, 4/9	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Setan	
Dagens formål:	LNF spreidd bustad	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	Ca. 28 daa	
Forslagsstillar:	Inger Lise Lund Stulien	
Omtale av innspelet:	<p>Massene i området egner seg godt til knusing og bruk til vegar og tomter. Det er derfor ynskjeleg å sette av området til massetak i kommuneplanen for å tilrettelegge for vidare drift. Området som er markert er større en kva som umiddelbart er tenkt å ta ut, samtidig vurderer ein det som hensiktsmessig å ta med noko ekstra for å sikre tilstrekkeleg areal for ein god avslutningsplan. Området markert er ca. 27 daa. Området er ein skogsteig. I forbindelse med linjebygging på aust-sida vart det teken ut masser i sør-vest. I dette området er det i dag delvis opparbeida lagerplass og plass for vedkløyving, samt veltplass for tømmer. Tillatelsen til uttaket var gjeven i forbindelse med linjebygging. Då dette prosjektet er ferdig er det ikkje lenger mogleg å hente ut meir masser. Massetaket vil bidra til lokale, kortreiste masser, og vil vere viktig for næringslivet.</p>	
Omtale av området:	<p>Området er skogkledd og ligg på austsida av Logna langs gamle Torslandsveg. Det er eit eksisterande massetak i området frå tidlegare.</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	<p>Massetak og skogsmark</p>	
Tema	Konsekvens	
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av middels bonitets skogsmark og beitemark.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Lett tilgjengeleg og i nærheita av eksisterande massetak.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå vatn, fare for avrenning
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tap av middels bonitets skogsmark som bind CO2 Tap av beiteareal.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon Høgspenlinje går gjennom området.
Støy og vibrasjonar	0	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant

Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Sørleg del av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum, snøskred og flaum- og jordskred
Teknisk infrastruktur	+	Veg langs området. Straum i nærleiken.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	0	Utviding av eksisterande verksemd i området
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	+	Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Området har allereie ein bruk som gammalt massetak. Ei utviding av eit eksisterande område er ynskjeleg framfor å ta i bruk urørte område.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Flaum Snøskred Flaum- og jordskred Høgspenlinje Buffersone mot veg Konsesjon DIRMIN		

## 5.6 Næring

Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnæring	Naturmangfold	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
59	Hesteneset			0						IR	IR			IR	IR		

## 59 Hesteneset


Nr. 59	
Gnr/bnr:	12/1,5,44
Stad/plassering:	Hesteneset
Dagens formål:	LNF
Foreslått formål:	Næring
Arealstorleik:	16 daa
Forslagsstillar:	Ruben Bortelid / Elin Eikild
Omtale av innspelet:	<p>Ynskjer at arealet vert teke inn i kommuneplanen med formål som næringsvirksomhet. Arealet er 16 mål. Området vert i dag brukt til sagbruk og lager. Det er også skilt frå ei tomt for kraftverk. Det er også noko beite innanfor området.</p>
Omtale av området:	<p>Området ligg i nærleiken av Logna kraftstasjon, og i dag er det eit sagbruk på området. Det er elles skogsmark og noko overflatedyrka mark.</p>
0-alternativet:	Bruk som i dag.
	<p>Kart med innspelet</p> 
	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 

Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnærings	--	Tap av middels bonitets skogsmark og beiteareal
Naturmangfald	--	Ligg mellom 500-1000 meter frå registrert sensitiv art i nærområdet. Dette er mindre enn anbefalt avstand.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Området ligg like ved fylkesveg 4030 og ligg skjerma for innsyn. Området er flatt og delvis teke i bruk som næringsareal.
Blågrøn faktor	---	Ligg mindre enn 50 meter frå Tjaldalsåna, fare for avrenning
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av middels bonitets skogsmark som bind CO2 og beiteareal
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon
Støy og vibrasjonar	-	Eit næringsområde kan lage støy og vibrasjonar.
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i fareområde for snøskred og flaum
Teknisk infrastruktur	+	Det er etablert avkøyring i dag og straum til området. Det er elles ingen kommunal infrastruktur.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	++	Er positivt at det blir lagt til rette for næringsområde ved allereie etablerte tiltak. Kommunen har lite areal avsett til næring i dag.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	++	Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad). Det ligg alt i dag både kraftstasjon og sag i området.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Området ligg i tilknytning til etablert verksemd, med god skjerming mot innsyn og med etablert infrastruktur. Det bør setjast att buffersone mot elva.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Snøskred Flaum Radon Buffersone vatn		


## 5.7 Idrettsanlegg

Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnærning	Naturmangfald	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
65	Egså								IR	IR							
82	Løkjen		0	0					IR	IR					0		

## 65 Egså

Nr. 65/82	
Gnr/bnr:	42/3, 43/1
Stad/plassering:	Egså
Dagens formål:	LNF/LNF spreidd bustad
Foreslått formål:	Idrettsanlegg (skuter)
Arealstorleik:	
Forslagsstillar:	Åseral snøscooterklubb
Omtale av innspelet:	65: Ynskjer å bruke området til crossbane/motorsport. Snøskuterbane på vinterstid og motorcrossbane på somarstid. Kart viser omtrentleg avgrensing.
Omtale av området:	Området er ein del av kommuneskogen og består av delvis myr, delvis open fastmark og delvis skog av låg eller middels bonitet.-
0-alternativet:	
	<p>Kart med innspelet</p>  <p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p>



Naturområde som i dag



Tema	Konsekvens	Omtale
<b>Fysiske forhold</b>		
Landskap og primærnæring	-	Tap av beitemark. Skogen kan i større grad stå sjølv om det skal ryddast trasear.
Naturmangfald	-	Ingen registrerte raudlisteartar. Ligg nært til verna vassdrag
Kulturminne og kulturmiljø	--	Futevegen går gjennom området. Må takast vare på ved planlegging av trasear i området.
Stadkvalitetar	-	Mindre tilgjengeleg, godt skjerma mot innsyn.
Blågrøn faktor	-	Bekkar like ved og innanfor området. Buffersone mot bekk må ivaretakast ved val av trasear.
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av myr og låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2, men er avhengig av kor mykje av området som skal opparbeidast.
Stråling	---	Området ligg i aktsemdssone høg for radon
Støy og vibrasjonar	0	Eit øvingsområde vil lage støy. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	--	Ligg langt unna sentrum (over 10 km), ikkje i sykkelavstand.
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Området ligg innanfor aktsemdssone for flaum. Eit lite område ligg i aktsemdssone for snøskred.
Teknisk infrastruktur	--	Ligg innanfor 200 meter frå offentleg veg. Privat skogsbilveg inn til området. Ikkje straum i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Lang avstand til busstopp (Over 2 km)
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Kan vere positivt for lokalt næringsliv
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk		Samfunnsdelen: Ingen direkte føringar for arealbruk, men kjem inn under eit av hovudmåla innan satsingsområde Kultur: I Åseral har vi eit allsidig og variert idretts- og kulturtilbod for alle aldersgrupper Vil og ha betydning for bulyst.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Området har ei god plassering med tanke på avstand til nærmaste bustadområde og støyproblematikk, men ligg elles lite sentralt i kommunen når det gjeld tilgjenge for ulike brukarar. Tiltaket er direkte konflikt med kulturminnet som går gjennom området og det vil vere vanskeleg å gjere gode tiltak for å skjerma kulturminnet. Nærleik til verna vassdrag og aktsemdsområde for flaum gjer området mindre egna. Sidan det er alternative plasseringar til vurdering, vert anna område vekta meir positivt.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert ikkje teken med vidare		

## 82 Løkjen

## Nr. 82



Gnr/bnr:		<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering: Løkjen		
Løkjen		
Dagens formål: LNF/LNF spreidd bustad		
Foreslått formål: Idrettsanlegg (skuter)		
Arealstorleik:		<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
Forslagsstillar: Åseral snøscooterklubb/Åseral skyttarlag		
<p>Omtale av innspelet:</p> <p>Bygdas motorsportmiljø ynskjer ein arena/område for å bygge opp ein bane/område, for å kunne utøve snøskuter og moglegens motorsykkelsport slik som mx, trail osv.</p>		
<p>Omtale av området:</p> <p>Området ligg i tilknytning til skytebanen på Løkjen. Området består delvis av skogsmark, myr og fjell.</p>		
<p>0-alternativet:</p> <p>Naturområde som i dag</p>		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av beitemark. Skogen kan i større grad stå sjølv om det skal ryddast trasear.
Naturmangfald	0	Ingen registrerte raudlisteartar. Registrering av svartlisteart i området. Ein liten del av området øvst mot aust ligg innanfor vernskoggrensa.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne
Stadkvalitetar	+	Lett tilgjengeleg I samarbeid med anna støyande aktivitetar. Godt skjerma mot innsyn

Blågrøn faktor	---	Bekkar like ved og innanfor området. Buffersone mot bekk må ivareta kast ved val av trasear.
<b>Miljøfaktorar</b>		
Forureining og klimaavtrykk	---	Fare for forureina grunn innanfor området. Tap av skog ved opparbeiding av området.
Stråling	-	Området ligg i aktsemdssone moderat til låg for radon
Støy og vibrasjonar	0	Ein motorcrossbane vil lage støy. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
<b>Sosiale faktorar</b>		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Ligg om lag 3 km frå sentrum. Det er lengre avstand enn det ein reiknar som sykkelsavstand. Samstundes må ein ha ein viss avstand på grunn av støy. Likevel nært nok til at det er mogleg å kome dit utan bil.
<b>Samfunn og livsstilmfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Området ligg innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred, samt snøskred.
Teknisk infrastruktur	++	Ligg i tilknytning til offentleg veg med etablert avkøyrsløse
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Lang avstand til busstopp (Over 2 km)
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ikkje ha påverknad på tilgang til friareal. Det er ikkje tilrettelagt for ålmenta med skiløype/tursti i nærområdet.
Konsekvensar for næringslivet	+	Kan vere positivt for lokalt næringsliv
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk		Samfunnsdelen: Ingen direkte føringar for arealbruk, men kjem inn under eit av hovudmåla innan satsingsområde Kultur: I Åseral har vi eit allsidig og variert idretts- og kulturtilbod for alle aldersgrupper Vil og ha betydning for bulyst.
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
Området ligg relativt nært til Kyrkjebygd sentrum og ligg i tilknytning til eksisterande støyande aktivitet. Området har ein storleik som gir handlingsrom for tenkt aktivitet. God avstand til bustadområde er positivt. Det ligg nokre fritidsbustader i nærområdet. For desse kan auka aktivitet vere negativt. Dette bør vurderast nærmare i planarbeidet.		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert teken med vidare		
<b>Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak</b>		
Plankrav Støy Forureining Flaum- og jordskred Snøskred		

## 5.8 Bygg og anlegg – solcelleanlegg



Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnæring	Naturmangfold	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
50	Kosmyr		0		0	0		0	IR	IR	IR		0	IR			
51	Skjerkestøl			0		0	0	0	IR	IR	IR			IR			

## 50 Kosmyr

Nr. 50		
Gnr/bnr:	3/7	
Stad/plassering:	Kosmyr	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Andre typar bygg og anlegg	
Arealstorleik:	Ca. 28 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet:	<p>Ynskjer å nytte området til solcelleanlegg. På toppen ved Kosvika, området består i dag stort sett av skog.</p>	
Omtale av området:	<p>Området ligg søraust for Kyrkjebygd, nærmaste byggefelt er Grokleiv. Området består av skog og myr.</p>	
0-alternativet:	<p>Skog- og naturområde som i dag</p>	
Kart med innspelet		
Flyfoto med kommuneplanen og innspelet		
Tema	Konsekvens	Omtale

Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	---	Tap av høg bonitets skogsmark. Installasjonane vil vere synleg i skoglandskapet. Store kontrastar i landskapet.
Naturmangfald	0	Det er ikkje registrert raudlistearter i området.
Kulturminne og kulturmiljø	---	Byvegen går like inntil og delvis gjennom dette området. Opplevinga langs traseen betydeleg redusert.
Stadkvalitetar	0	Ikkje relevant
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tap av høg bonitets skogsmark som bind CO2. Produksjon av fornybar energi.
Stråling	0	Ikkje relevant
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Deler av området ligg i fareområde for snøskred, flaum og jord- og flaumskred.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	--	Området har ein viktig funksjon for opplevinga av å gå byvegen
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygging av kraftverket vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Samfunnsdelen: Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).  Nasjonale forventningar. Nr. 32: Det legges til rette for mer fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevende næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom mer fornybar energi og miljøhensyn.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang og det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. Nasjonale forventningar seier at det skal leggst til rette for mer fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande energi.</p> <p>Kva slags type fornybar energi og rett plassering er viktig. Arealbeslaget må vurderast opp mot mengde produsert fornybar energi. Solcelleanlegg er arealkrevjande, samstundes vil produksjonen i store deler av året vere marginal.</p> <p>Dette området er i direkte konflikt med byvegen og ligg relativt nært opp til planlagt nytt bustadområde. Det er ingen teknisk infrastruktur i området.</p>		
Konklusjon		
Innspelet vert ikkje teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

## 51 Skjerkestøl

Nr. 51		
Gnr/bnr:	3/7 og 1/44	Kart med innspelet 
Stad/plassering:	Skjerkestøl	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	Solcellepark (næring?)	
Arealstorleik:	Ca. 232 daa	
Forslagsstillar:	Roger Thorstrand	
Omtale av innspelet:		Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 
Ynskjer å nytte området til solcellepark, Består av open fastmark/skog, ligg i nærheita av trafostasjon ved Skjerkevatn.		
Omtale av området:		
Ligg ved Nåvassvegen som går opp til Skjerkevatn. Området består av fjell, skog og myr. Kattefossen og Skjerkestøl er kjende plassar i området.		
O-alternativet:		
Naturområde som i dag		
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Vil medføre stor endring av landskapet. Konsekvensar for beite er usikkert.
Naturmangfald	--	Ligg mellom 500-1000 meter frå registrert sensitiv art i nærområdet. Dette er mindre enn anbefalt avstand. Ligg delvis i vernskogbeltet. Ligg og innanfor areal i heiplanen, i omsynssone bygdeutvikling
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte
Stadkvalitetar	-	Vil medføre stor endring av naturlandskapet
Blågrøn faktor	0	Ingen registrerte
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Hogst av skog som lagrar karbon opp mot produksjon av grøn energi.
Stråling	0	Ikkje relevant
Støy og vibrasjonar	0	Ikkje relevant
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant

Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
<b>Samfunn og livsstilfaktorar</b>		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg delvis i fareområde for flaum, jord- og flaumskred og steinsprang
Teknisk infrastruktur	+	Vegtilkomst, trafostasjon ved Skjerkevatn
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	--	Kattefossen ligg i utkanten av området og er eit vakkert område som folk tek turar til. I tillegg ligg Skjerkestøl med si historie i same område. Det må setjast av tilstrekkeleg buffersone mot elva og fossen slik at ein ikkje øydelegg opplevinga av fossen.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygging av kraftverket vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
<b>Overordna føringar</b>		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	-	Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
<b>Samla vurdering og eventuelle alternativ</b>		
<p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang og det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. Nasjonale forventningar seier at det skal leggjast til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande energi.</p> <p>Kva slags type fornybar energi og rett plassering er viktig. Arealbeslaget må vurderast opp mot mengde produsert fornybar energi. Solcelleanlegg er arealkrevjande, samstundes vil produksjonen i store deler av året vere marginal.</p> <p>Området er konflikt med fleire typar naturinteresser. Ligg i vernskogområde og innanfor bygdeutviklingssona i Heiplanen.</p>		
<b>Konklusjon</b>		
Innspelet vert ikkje teken med vidare.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



## 5.9 Spreidd fritidsbustad

Nr	Plassering	Tema															
		Fysiske forhold					Miljø			Sosiale		Samfunn					
		Landskap og primærnærings	Naturmangfold	Kulturminne og kulturmiljø	Stadkvalitetar	Blågrøn faktor	Forureining og klimaavtrykk	Stråling	Støy og vibrasjonar	Området sin attraktivitet	Moglegheit for deltaking	Risiko og sårbarheit	Teknisk infrastruktur	Mobilitet	Naturområde og friareal	Konsekvens næringslivet	Overordna føringar
1	Linddalen			0	0	0			IR	IR	IR			IR			
4	Kyrkjemyran			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
5	Tjørnin Vestheia			0	0				IR	IR	IR	0	0	IR			
10	Sveigsfjellet			0	0				IR	IR	IR			IR		0	
21.1	Sandvatn			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
21.2	Heddebutjønn			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
22.1	Vardeheia			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
22.2	Vardeheia		0	0	0	0			IR	IR	IR			IR			
23.1	Mjåvassdalen		0	0	0				IR	IR	IR	0		IR			
23.2	Mjåvassdalen		0	0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
25	Olashatten		0	0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
28	Vardeheia			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR	0		
33	Skipetjønn				0	0			IR	IR	IR	0		IR			
34	Sjåvasstjønnæ			0	0	0			IR	IR	IR			IR			
36.1	Dyrevatn			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
36.2	Kotet			0	0				IR	IR	IR			IR			
38	Nedre Katteråstjønnæ			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
39	Egsåheia (flytting)		0	0	0	0		0	IR	IR	IR	0	0	IR	0	0	0
43	Dyrevatn (nord-vest)			0	0	0			IR	IR	IR			IR			
45	Dyrevatn (sør-aust)			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
47	Sosteli		0		0	0			IR	IR	IR			IR		0	
52.1	Støtjønnæ (Vestheia)			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
52.2	Støtjønnæ (Vestheia)			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
53	Geitekrikken		0	0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
57.1	Unne Lian			0	0	0			IR	IR	IR			IR			
57.2	Ved Steinen			0	0	0	0		IR	IR	IR	0		IR			
60	Hurraheia			0	0				IR	IR	IR	0		IR			
62	Heimre Sveigsvatn		0	0	0	0	0		IR	IR	IR			IR	0		
63.1	Sandvatn			0	0	0	0		IR	IR	IR	0		IR			
63.2	Lognavatn				0				IR	IR	IR			IR			
64	Rundatjønnæ			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
66	Egså		0	0	0	0		0	IR	IR	IR	0		IR	0		
69	Ytre Mjåvatn		0		0	0			IR	IR	IR	0		IR			
74	Heimre Mjåvatn		0	0	0				IR	IR	IR	0		IR			
81.1	Sjåvasstjønnæ			0	0				IR	IR	IR	0		IR			
81.2	Stemvatn			0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			
84.1	Langetjønn			0	0			0	IR	IR	IR	0		IR		0	
84.2	Søtetjønn			0	0	0		0	IR	IR	IR	0		IR		0	
86	Øre		0	0	0	0			IR	IR	IR	0		IR			

# 1 Linddalen

**Nr. 1**

**Formannskap 30.04.26**

Gnr/bnr:	1/15	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering:	Linddalen	
Dagens formål:	LNF	
Foreslått formål:	LNF spreidd fritids	
Arealstorleik:		
Forlagsstillar:	Arvid Nesland	
Omtale av innspelet:	Ynskjer hyttetomt for å bygge jaktkoie.	
Omtale av området:	<p>Området ligg om lag 1 km inn på heia frå bruket Buneset ved Fiskland.</p> <p>Området ligg i eit natur- og skogsområde. Området er delvis kupert og ligg nede i dalen kring eit større myrområde</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
0-alternativet:	Området vert liggande som naturområde	
Tema	Konsekvens	Omtale
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Ligg midt inne i eit naturområde utan andre tiltak innan om lag 1 km. Tiltaket opnar opp for meir ferdsle midt i beiteområde.
Naturmangfald	---	Ligg mellom 500-1000 meter frå registrert sensitiv art. Dette er mindre enn anbefalt avstand.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte
Stadkvalitetar	0	Ikkje relevant
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Auka transportbehov i utmark for oppsetting av hytte og framtidig tilsyn og bruk av fritidsbustad. Tap av låg til middels bonitets skogsmark som bind CO2
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon

Støy og vibrasjonar	0	Ikkje relevant
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant
Samfunn og livsstilfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Ligg i aktsemdssone for flaum og snøskred
Teknisk infrastruktur	--	Ingen infrastruktur
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	-	Området er avgrensa og ligg i eit stort naturområde. Tiltaket vil ha liten påverknad på tilgang til friareal. Det er heller ikkje tilrettelagt for ålmenta i området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygging av nye hytter kan vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna føringar for arealbruk	--	Kan kome i konflikt med føringar for utmarksforvaltning. Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som foretting i eksisterande utbyggingsområde eller leggjast inntil eksisterande felt.  Temaplan for landbruk og fritidsbustad: Kapittel om moglege konflikhtar/ulemper
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Spreidde fritidshytter midt i utmarka vil kunne ha negative konsekvensar for primærnæringa og samstundes undergrave politikken med å samle fritidshytter i utbyggingsområda i kommunen.		
Konklusjon		
Innspelet vert ikkje teken med vidare		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
